


# KOMMUNEPLANEN

## Samfunnsdelen

### 2014-2022



## INNHALD

|                                                               |           |
|---------------------------------------------------------------|-----------|
| <b>1. VISJON.....</b>                                         | <b>5</b>  |
| <b>2. FORORD .....</b>                                        | <b>6</b>  |
| <b>3. INNLEIING .....</b>                                     | <b>7</b>  |
| 3.1 KOMMUNEPLANPROSESSEN.....                                 | 7         |
| 3.2 OVERORDNA FØRINGAR .....                                  | 8         |
| 3.4 HISTORIE, GEOGRAFI OG KULTURLANDSKAP .....                | 11        |
| <b>4. FOLKETALSOVERSIKT, STATUS, OG UTVIKLINGSTREKK .....</b> | <b>12</b> |
| 4.1 FOLKETALUTVIKLING.....                                    | 12        |
| 4.2 ALDERSSAMANSETNAD .....                                   | 15        |
| 4.3 BEFOLKNING ETTER SIVIL STAND.....                         | 15        |
| 4.4 INN- OG UTFLYTTING, PENDLING .....                        | 16        |
| 4.5 FRAMSKRIVING AV FOLKETAL .....                            | 17        |
| <b>5. ØYGARDEN I REGIONEN.....</b>                            | <b>18</b> |
| 5.1 MÅL .....                                                 | 18        |
| 5.2 STRATEGIAR .....                                          | 18        |
| 5.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING .....                            | 18        |
| <b>6. OMDØME OG LOKAL IDENTITET .....</b>                     | <b>19</b> |
| 6.1 MÅL.....                                                  | 19        |
| 6.2 STRATEGIAR .....                                          | 19        |
| 6.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING .....                            | 19        |
| 6.3.1 Omdøme .....                                            | 19        |
| 6.3.2 "Brubbyggjaren" .....                                   | 19        |
| 6.3.3 Kommunen som arbeidsgjevar.....                         | 19        |
| 6.3.4 Øygarden kommune 50 år i 2014 .....                     | 20        |
| <b>7. MENNESKET I SENTRUM .....</b>                           | <b>20</b> |
| 7.1 MÅL .....                                                 | 20        |
| 7.2 STRATEGIAR.....                                           | 20        |
| 7.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING .....                            | 21        |
| 7.3.1 Folkehelse .....                                        | 21        |
| 7.3.2 Førebygging .....                                       | 21        |
| 7.3.3 Universell utforming .....                              | 22        |
| 7.3.4 Likestilling .....                                      | 22        |
| <b>8. LEVEKÅR .....</b>                                       | <b>22</b> |
| 8.1 MÅL.....                                                  | 22        |
| 8.2 STRATEGIAR.....                                           | 22        |
| 8.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING .....                            | 23        |
| 8.3.1 Vurdering av levekår 2010 .....                         | 23        |
| 8.3.2 Barn og unge.....                                       | 23        |
| 8.3.3 Helse, pleie og omsorg.....                             | 24        |
| 8.3.4 Samhandlingsreforma.....                                | 24        |
| 8.3.5 Sosial omsorg .....                                     | 25        |
| 8.3.6 Barnehage .....                                         | 25        |
| 8.3.7 Skule og SFO.....                                       | 26        |

|                                              |           |
|----------------------------------------------|-----------|
| 8.3.8 Vaksenopplæring.....                   | 27        |
| 8.3.9 Hovudutfordringar – Levekår .....      | 27        |
| <b>9. KULTUR OG FRITID.....</b>              | <b>27</b> |
| 9.1 MÅL .....                                | 27        |
| 9.2 STRATEGIAR.....                          | 28        |
| 9.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING .....           | 28        |
| 9.3.1 Kulturlivet i kommunen .....           | 28        |
| <b>10. SAMFUNNSTRYGGELEIK .....</b>          | <b>29</b> |
| 10.1 MÅL.....                                | 29        |
| 10.2 STRATEGIAR .....                        | 29        |
| 10.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING.....           | 30        |
| 10.3.1 Lokale beredskapsplanar .....         | 30        |
| 10.3.2 Olje og brannvern.....                | 30        |
| 10.3.3 Beredskap mot akutt forureining ..... | 30        |
| 10.3.4 Risiko- og sårbarheitsanalyse .....   | 30        |
| 10.3.5 Trafikksikring.....                   | 31        |
| 10.3.6 Ambulanse og politi.....              | 31        |
| <b>11. UTBYGGING OG INFRASTRUKTUR .....</b>  | <b>31</b> |
| 11.1 MÅL.....                                | 31        |
| 11.2 STRATEGIAR.....                         | 31        |
| 1.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING.....            | 32        |
| 11.3.1 Kommunen som eigar i selskap.....     | 32        |
| 11.3.2 Bustadbygging .....                   | 32        |
| 11.3.3 Fritidsbustadar og hytter .....       | 33        |
| 11.3.4 Vurdering av tomterreserve.....       | 33        |
| 11.3.5 Utbyggingsavtale.....                 | 33        |
| 11.3.6 Senterutvikling .....                 | 33        |
| 11.3.7 Offentlege kaiar .....                | 34        |
| 11.3.8 Avlaupsnett .....                     | 34        |
| 11.3.9 Vassforsyning .....                   | 35        |
| 11.3.10 Lokal byggeskikk og estetikk.....    | 35        |
| 11.3.11 Kommunikasjon og samferdsle.....     | 36        |
| <b>12. KLIMA OG MILJØ.....</b>               | <b>36</b> |
| 12.1 MÅL.....                                | 36        |
| 12.2 STRATEGIAR.....                         | 36        |
| 12.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING.....           | 36        |
| 12.3.1 Energi- og klimaplan .....            | 37        |
| 12.3.2 Avfall og attvinning.....             | 37        |
| 12.3.3 Strandsone og urørte område .....     | 37        |
| <b>13. NÆRINGSLEV OG SYSSSELSETTING.....</b> | <b>38</b> |
| 13.1 MÅL.....                                | 38        |
| 13.2 STRATEGIAR.....                         | 38        |
| 13.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING.....           | 38        |
| 13.3.1 Sysselsetting.....                    | 38        |
| 13.3.2 Næring og Industri.....               | 38        |
| 13.3.3 Fiskeri.....                          | 39        |
| 13.3.4 Akvakulturtur og fiskeoppdrett.....   | 39        |
| 13.3.5 Landbruk.....                         | 39        |
| 13.3.6 Varehandel.....                       | 40        |

|                                                      |           |
|------------------------------------------------------|-----------|
| 13.3.7 Reiseliv og turisme.....                      | 40        |
| <b>14. KOMPETANSE .....</b>                          | <b>40</b> |
| 14.1 MÅL.....                                        | 40        |
| 14.2 STRATEGIAR.....                                 | 40        |
| 14.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING.....                   | 41        |
| <b>15. KOMMUNAL PLANSTRATEGI .....</b>               | <b>41</b> |
| 15.1 MÅL.....                                        | 41        |
| 15.2 STRATEGIAR.....                                 | 41        |
| 15.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING.....                   | 42        |
| 15.3.1 Kommunal planstrategi 2012-2016: .....        | 42        |
| 15.3.2 Retningslinjer for kommunalt planarbeid ..... | 42        |
| 15.3.3 Medverknad .....                              | 42        |
| <b>16. HANDLINGSPROGRAM.....</b>                     | <b>45</b> |




*Naustmiljø og småbåthamn i Knarvik – Blomvåg*

## 1. VISJON



**Me byggjer  
bruer  
mellom folk**





## 2. Forord

**Samfunnsdelen i kommuneplanen er det overordna styringsdokumentet for kommunen.**

Dette er i første rekkje eit dokument som viser kva utfordringar kommunen har som lokal utviklingsaktør og kva strategiar kommunen vil bruka for å møte utfordringane. Som ordførar gler eg meg til å ta fatt på arbeidet, slik at kommunen kan nå sine mål.

Samfunnsdelen sine mål, strategiar og handlingsprogram gjev klare føringar for kva retning me ønskjer kommunen skal gå, og kva tiltak og verkemiddel me vil ta i bruk.

Kommunen sine oppgåver og prioriteringar som leverandør av viktige velferdstenester innafor utdanning, kultur, helse, omsorg og tekniske tenester går fram av den fireårige økonomiplanen som vert vedteken kvart år før årsskiftet. Med desse plandokumenta står kommunen godt rusta til å møte utfordringane

me står overfor.

I 2014 har Øygarden 50-årsjubileum som eigen kommune. La kommuneplanen sine mål og strategiar bli til ønska handlingar slik at me kan markera jubileet der alle innbyggjarar og tilreisande opplever Øygarden som ein stad der det er godt og trygt å bu, arbeida, leva og opphalda seg.

Eg håpar at dette dokumentet og dei tema og problemstillingar som vert tekne opp, vil danna grunnlag for inspirasjon og engasjement blant kommunen sine innbyggjarar, kommunalt tilsette, næringsliv, samarbeidspartnarar og andre.



*Rong 19. juni 2014.*

*Otto Harkestad  
ordførar*

### 3. Innleiing

Kommunen er pålagt ved lov å planleggja for kommunen som samfunn og kommunen som organisasjon. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal, etter plan- og bygningslova, rullerast minimum ein gong kvar valperiode. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ha brei tilnærming med visjonar og mål for politikarane til å utvikla kommunen og lokalsamfunnet. Tema i planen går utanom kommunen som organisasjon og kommunal tenesteyting. Sentrale problemstillingar i samfunnsdelen er nærings- og befolkningsutvikling. Vidare om levekår for ulike aldersgrupper, kommunal tenesteyting og fremming av folkehelse i befolkninga.

#### 3.1 Kommuneplanprosessen

Kommuneplanlegging skal omfatta kommune-organisasjonen og kommunesamfunnet. Planlegging av lokalsamfunnet skjer gjerne gjennom kommuneplanen. Kommuneplanen sin samfunnsdel er langsiktig planlegging med brei tilnærming og fokus på mål og visjonar politikarane har for å utvikla kommunen og lokalsamfunnet. Sentrale problemstillingar er formulerte som kapitteloverskrifter i dette dokumentet. Planen trekkjer opp mål, strategiar og handlingsprogram. Desse er grunnlag for meir konkrete tiltak som vert utvikla i andre prosessar, delplanar og i anna kommunal planlegging. Prioritering av slike konkrete tiltak skjer årleg gjennom arbeidet med økonomiplanen der det vert avsett økonomiske ressursar til gjennomføring.

#### Kommuneplanlegging handlar om dei store spørsmåla:

Korleis kan me leggja til rette for at alle innbyggjarane i Øygarden kommune får eit best mogeleg liv, både dei som lever no og dei som kjem etter oss?


#### Kommuneplanlegging handlar om konkrete utfordringar og målsettingar:

- Kva utfordringar har me?
- Kva mål set me oss?
- Korleis skal me best møta utfordringane?

#### Kommuneplanlegging handlar om samarbeid og engasjement:

- Korleis skapar me engasjement, deltaking og debatt om lokale samfunnsspørsmål?
- Korleis samarbeider me med andre kommunar, styresmakter og private aktørar for å løysa oppgåvene?

Arbeidet med revisjon av kommuneplanen vart vedteke gjennom planprogrammet handsama av kommunestyret 17.06.09 sak KS.41/09. Planutvalet, samt barna sin representant i plansaker, har vore styringsgruppe for planarbeidet.



### 3.2 Overordna føringar

#### **Statlege føringar**

Dei nasjonale måla for arealpolitikken vart presenterte i Stortingsmelding nr.26 (2006–2007) om regjeringa sin miljøpolitikk og riket sin miljøtilstand. Det går m.a fram at:

- Arealpolitikken, både nasjonalt og lokalt, skal leggja til rette for reduserte utslepp av klimagassar.
- Arealplanlegginga skal medverka til å redusera trugsmål frå klimaendringane mot liv, helse og materielle verdier i tillegg til samfunnsviktige funksjonar og infrastruktur.
- Miljøkvalitetar i landskapet skal bevarast og styrkast gjennom auka kunnskap om verdier og medviten planlegging og arealpolitikk.
- Årleg omdisponering av dei mest verdifulle jordressursane skal halverast innan 2010.
- Fritidsbusetnad skal lokalisert og utformast med vekt på landskap, miljøverdier, ressursbruk og estetikk.
- Strandsona skal bevarast som eit natur- og friluftsområde som er tilgjengeleg for alle.

Nasjonale føringar for planarbeidet går og fram av:

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging – vedteke ved kongeleg resolusjon . 24.06.11
- Ny plan og bygningslov
- Stortingsmelding om norsk klimapolitikk (nr. 34, 2006– 2007)

Statlege planretningslinjer (SPR) skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova. For Øygarden kommune er følgjande SPR aktuelle:

SPR for å ivareta barn og unge sine interesser i planlegginga.

SPR for samordna areal- og transportplanlegging.

SPR for universell utforming.

SPR for kjøpesenter

SPR for energi og klima

#### **Regionale føringar**

Det er fylkesplanar og fylkesdelplanar som legg føringar og retningslinjer for arbeidet med kommuneplanen. Dette gjeld følgjande planar:

- Regional planstrategi for Hordaland 2012 – 2016 (Hordaland skapar verdier)
- Regional næringsplan 2013-2017
- Regional transportplan 2013 - 2024
- Klimaplan for Hordaland 2010-2020
- Fylkesplan for Hordaland 2005-2008
- Fylkesplan for idrett og friluftsliv
- Fylkesdelplan for kulturminne 1998 – 2012
- Fylkesdelplan for energi 2001 – 2012
- Fylkesdelplan, deltaking for alle – universell utforming 2006 – 2009
- Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel
- Fylkesdelplan for hamn
- Rammeplan for avkjørsle
- Ny jordvernstrategi, Fylkesmannen

#### **Kommunale føringar**

Gjeldande kommuneplan og kystsoneplan vil naturleg nok gje føringar for revisjonsarbeidet og vidare ei rekkje delplanar:

- Energi - og klimaplan
- Kommunedelplan for Rongøy
- Områdeplanar for Tjeldstø og Hellesøy
- Barnehageplan
- Felles landbruksplan for Fjell, Sund og Øygarden
- Trafikksikringsplan 2012-2016
- Hovudplanar for vatn /avløp (2013)
- Bustadsosial handlingsplan 2009-2013
- Kommunedelplan for kultur og idrett 2008- 2012
- Pleie og omsorgsplan 2007 – 2020
- Rusmiddelpolitiskhandlingsplan 2012-2016
- Kommunalteknisk VA norm



### 3.3 Hovudutfordringar – «Det gode Øygardssamfunnet»



#### **Berekraftig utvikling**

Me står med eine foten i fortida knytt til vår lokale historie og identitet og den andre i no-tida med olja og gass. Kva med framtida? Kor går me? Me er eit stolt folkeferd med rike tradisjonar. Samstundes ønskjer me å vera moderne og følgja med på utviklinga. Det er ønskjeleg med eit jamt stigande folketal, m.a. for å motverka fråflyttinga i utsette bygder. Ei hovudutfordring er å finna balansen mellom vern og vekst. Det overordna er likevel at slekter som kjem etter oss skal kunna overta "bruket" i velhalden stand. Ei berekraftig utvikling er svaret. Korleis skal dette skje?



*Hernar*

#### **Verna område**

Me må sikra at alle bygder (krinsar) har tilgang til friluftsliv, sjø- og rekreasjonsområde - "grøne lunger". Sær verdfulle natur- og strandsone-område må ikkje byggjast ut, men heller takast vare på for framtida utan inngrep. Eit av våre fortrinn er nettopp den ville og til dels urørte naturen, noko vi har plikt til å la etterkomarane få oppleve i framtida. Men Øygarden kommune skal ikkje bli nasjonalpark, heller ikkje overetablert industripark. Her skal folk bu, leva og arbeida i trygge omgivelser med plass og livskvalitet for alle.

#### **Næringsutvikling**

Samstundes må det vera rom for næringsutvikling og nyetableringar innafor fastsette areal og rammer. Skal me i framtida greia oss i hard konkurranse om kvalifisert arbeidskraft og ressursar, må me alt no ha klare strategiar for dette.

#### **Utdanning og kompetanse**

Me må få ungdom med høgare utdanning / fagbrev til å flytta tilbake, og tilby dei arbeidsplassar som etterspør yrkesvala deira. Me må også bli flinkare til å nyttiggjera oss og å ta vare på alle i denne gruppa, slik at dei buset seg her og blir verande i kommunen. Det må skapast eit mangfaldig næringsliv med rom for nyetableringar. Kompetanse er kanskje viktigaste ressursen for vekst, nyskaping og utvikling. Gjennomført skulegong er eit vern mot dårleg helse og sosial isolering. I tillegg er utdanning i seg sjølv kriminalitetsførebyggjande. Skulefråfall er ei utfordring kommunen må ta på alvor, og setja i gang førebyggjande tiltak for å redusera elevtalet som droppar ut frå skulen, spesielt på vidaregåande.

#### **Levande bygder**

Kommunen må ha attraktive bustad-, friluft- og fritidstilbod. "Ta heile Øygarden i bruk!" Me ønskjer levande bygdesamfunn med aktivitetar og fritidstilbod, også utanfor tettstadane. Til dette treng me hjelp og medverknad frå innbyggjarane og ikkje minst bistand frå regionale samarbeidspartnarar, næringslivet og eksterne fagmiljø.

#### **Infrastruktur, miljø og klima**

Det er framleis mange uløyste oppgåver innan avlaupsnett og vassforsyninga i kommunen. Vidare utbygging er viktig for å sikra både eksisterande og ny busetnad og ikkje minst utvikla næringslivet. Ei moderne og oppgradert avfalls-/utsleppshandtering er påkravd for å sikra miljø og klima. Samfunnstryggleik og beredskap må gjevast høg prioritet. Tettstadane Rong og Tjeldstø må utviklast til gode møteplassar, handels- og servicesentra.

#### **Utgamning i helseskilnader og levkår**

Innbyggjarane må få oppleve at levkåra er rettvis og jamt fordelte i kommunen. Dei fleste opplever at det er godt å bu her. Meir kan likevel gjerast for å skapa betre levkår for einskilde grupper og dei som fell utanfor deltakinga i samfunnet. Me skal også busetja flyktningar og gje dei eit verdig liv. Det er svært viktig å oppdaga og handtera tidleg dei som slit i barne- og ungdomsgruppa, bustadlaus, rusavhengige, langtidsledige, einslege utan sosialt nettverk m.fl. Dette er avgjerande for å sikra likskap og sosial utjamning. Levkår og kvaliteten på service må målast jamleg gjennom brukarundersøkingar. Folkehelseprinsippa om fremming av sunn livsstil og rette helseval er heilt vesentlege bidrag i ein førebyggjande strategi. Kommunen har folkehelsekoordinator som pådrivar i dette

arbeidet. Jamfør den nye folkehelselova skal kommunen leggja til rette for at innbyggjarane får leveår med god helse, færre helseskilnader mellom ulike samfunnslag, etniske grupper og kjønn. Det går vesentlege sosiale skiljeliner mellom dei som deltek og dei som står utanfor arbeid. Å kjempa mot arbeidsløyse og redusera tala på uføretrygda er viktig.

### **Likestilling**

Me har også ei stor utfordring i å bli betre på likestilling. Det er ønskeleg å oppretthalda «kjønnsbalansen» i lokalpolitikken og innan samfunnslivet elles. Færre deltidstillingar i kommunen, fleire kvinnelege leiarar både i privat og kommunal sektor og lønsutjamning er område som må prioriterast. Fleire menn er ønskelege både i skule og barnehage. Å utjamna skilnader mellom kjønn når det gjeld deltaking i samfunnsliv, politikk, arbeidsliv er framleis viktig. Den nye folkehelselova pålegg samfunnet å arbeida for utjamning mellom kjønna, og når det gjeld skilnad i helse.

### **Oppvekstmiljø og kultur**

Me ønskjer sunne og trygge oppvekstmiljø utan rus og kriminalitet. Kunnskap og positive haldningar skal formidlast til barn og unge i barnehage og skuleverk. I det førebyggjande arbeidet er det viktig å satsa vidare på MOT som Øygarden er tilslutta. Den frivillige idrettsrørsla, musikkorpsrørsla, frivillige organisasjonar elles, må støttast i det



førebyggjande arbeidet. Innsatsen med å skapa trygge nærmiljø og hindra kriminalitet må vidareførast gjennom SLT-samarbeidet (Samordningsmodell for Lokale, førebyggjande Tiltak mot rus og kriminalitet) og nærmiljøutvala. Frivillighetssentralen (oppretta i 2010) spelar ei viktig rolle i dette arbeidet.

### **Regionalt og interkommunalt samarbeid**

Dei fleste avgjerder som har innverknad for oss, skjer utanfor kommunen, ja, jamvel

utanfor riket sine grenser. Mange spørsmål kan løysast gjennom regionalt og interkommunalt samarbeid. Eit nytt fastlandsamband skal på plass i planperioden. Hamnesamarbeid og nye næringsetableringar på tvers av kommunegrenser krev koordinering og samråding med grannekommunane (Regionråd Vest – etablert i 2010). Kommunal tenesteyting kan koma på plass gjennom interkommunale ordningar. Den positive utviklinga kommunen har vore gjennom dei seinare åra med utvida deltaking og samarbeid skal halda fram.

### **Omdøme og identitet**

Det er viktig at kommunen har eit godt sjølvbilete og omdøme. Me må gjera oss attraktive for innbyggjarane og ikkje minst for omverda. Kommunen må vera konstant oppteken av sitt omdøme gjennom ulike kanalar, fora og arenaer. Me skal gje positiv omtale av tenestene våre, lokalt næringsliv og kulturliv. Det skal synast og høyrast at me er stolte av kommunen vår!

### **Økonomi og prioriteringar**

Gode føremål skal finansierast, driftast og ikkje minst betalast. Rammevilkår for eigedomsskatten kan endrast. Kommunen kan få store utfordringar i lys av moglege reduserte kommunale inntekter. M.a. vert det viktig å få ein rettferdig og behovsprøvd ressursfordeling i tider med innstraming og krav om sunn og berekraftig økonomistyring. Gjennom budsjett og økonomiplan styrer kommunestyret prioriterte aktivitetar og tiltak.

Det ligg føringar frå sentralt hald om kommunestruktur. Det kan bety færre og større kommunar (kommunesamanslåing). Øygarden kommune må vera medviten og oppdatert om dette og syta for å sikra interessene sine i denne prosessen.

### **Medverknad**

Gjennom open og aktiv medverknad frå innbyggjarane, lag- og organisasjonar og brukarar i viktige prosessar, kan me utvikla kommunen vår til ein endå betre stad. Folket, og særleg barn og unge, m.a. gjennom ungdomsrådet (2012), må få koma til orde i plan- og utviklingsarbeid og i saker som vedkjem nærmiljøet. Det er slik me byggjer bruer!



Frå Kystmuseet

### 3.4 Historie, geografi og kulturlandskap

#### Kort historikk

Øygarden kommune vart etablert i 1964, der tidlegare Hjelme kommune og delar av tidlegare Herdla kommune utgjorde den nye kystkommunen. Fram til 2009 var Tjeldstø kommunesenter. Dette vart i 2009 lagt til Rong som ligg ca. 45 minutt i kjøretid frå Bergen. Folket livnærte seg før av fiske og småbruk. På midten av 80-talet vart det ført i land olje til Øygarden og på nittitalet vart det ført i land gass. Desse hendingane har prega utviklinga i kommunen dei siste tiåra. Kommunen vart etterkvart landfast, noko som førte til ny utvikling og auka folketal. Det er attraktivt å bu i Øygarden som har store næringsareal og byggjetomter. Kommunen er ein del av region vest som no utgjør kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden. Pr januar 2014 var det vel 62.500 innbyggjarar i regionen og på same tid rett over 4700 innbyggjarar i kommunen. I 2014 fyller Øygarden kommune 50 år.

#### Geografi og natur

Øygarden kommune ligg 35 - 60 km nord vest for Bergen og er samansett av ei rad små og store øyar. Aust-vest gåande sund mellom øyane knyt saman Hjeltefjorden i aust med Nordsjøen i vest. Samla areal er 66 km<sup>2</sup>, 552 øyar og ei strandline på 236 km. Landet stig jamt frå aust mot vest med til dels bratte skrentar, platå, vikar og sund mot vest. Høgaste fjell er Blomenuten på 73 meter. Elles er dei høgaste knausane 40-50 meter over havet.

Øygarden høyrer til den delen av Noreg som først vart isfritt etter siste istid for 12000 år sidan. Bergarten i kommunen er mest gneis, men på Oøy og Alvøy-Seløy er det førekomstar av granitt og gabbro. Kommunen høyrer til den atlantiske lyngheiregionen og har eit oseanisk klima. Milde vintrar og ikkje dei heilt høge sommartemperaturane er typisk. Det

er mykje berg i dagen, men det er og dyrkingsjord og kulturmark i glover og kløfter inne på hovudøyane. Dominerande naturtype er lynghei med myr, mindre vatn og våtmark. Vidare er det planta skog, noko naturleg edellauvskog av osp og rogn, nokon mindre førekomstar av edellauvskog og strandsone med svaberg, havstrand og kulturmark.

#### Lynghei

Naturtypen lynghei er menneskeskapt. Skogen vart fjerna for å opparbeida husdyrbeite. Beiting og lyngbrenning har halde lyngheiane i hevd, men endringar i driftsform gjer at lauv- og furuskog etablerer seg i lyngheiene. I Øygarden er planting av gran og furu den viktigaste årsaka til at lyngheiane gror att. Kystlyngheiane er eit landskap som ein tidlegare fann langs Atlanterhavskysten frå Portugal til Vesterålen. Lyngheiane er i dag truga av utbygging, endring i jordbruksdrifta og forureining. I dag står berre få område i Europa att med denne naturtypen. Også i Øygarden ser ein at nedbygging av lyngheiane samt minska beitetrykk frå husdyr utgjør eit trugsmål mot dette kystkulturlandskapet.



Purpuryng

#### Kulturlandskap

Øygarden har eit historisk rikt kulturlandskap med høge kvalitetar. Her finn ein spanande landskap med vekslingar mellom nakne svaberg, lyngheiar, våtmark og myrer. Beiteområde med steingardar og tradisjonelle bygningar knytt til jord- og sjøbruk er typiske trekk i landskapsbiletet. Dette vert ramma inn av havet og fjorden. Skogplanting har og sett sitt preg på naturen, og etter kvart har skogen vorte ein del av kulturlandskapet. Nokre av dei eldste spor etter busetjing (omlag 10 000 år gamle) er funne i kommunen. For omlag 4000 år sidan var Øygarden skogkledd. Skogen vart då rydda og brent for å gje plass for jordbruket. I myrane er det restar av furu og eik. Kulturlandskapet har vorte oppretthalde ved den tradisjonelle jordbruksdrifta gjennom desse tusenåra.

## 4. Folketalsoversikt, status, og utviklingstrekk

### 4.1 Folketalsutvikling

I perioden frå 1950 til 1975 hadde Øygarden ei negativ folketalsutvikling. Vendepunktet rundt 1975 hadde samanheng med betre kommunikasjon til nabokommunane og fastlandet på grunn av brusamband, ferje- og båtsamband. Store industrietableringar og opning av Rongesundbrua (1986) har vore

med på å gje høgare auke i folketallet frå midten av 1980-talet og fram til i dag (2014). Gode kommunikasjonar har gjort Region Vest til ein felles arbeids- og bustadmarknad. Søre del av kommunen har kort veg til store arbeidsplassar som Ågotnes og Straume.




Fig 1: Folketalsutvikling i Øygarden 1965 – 2014 per 1.1 kvart år. Kjelde SSB

SSB har utarbeidd eit detaljert oversyn over folketalsframskrivinga i landet, med 14 ulike alternativ. I planprogrammet vert det lagt opp til å ta utgangspunkt i SSB sitt alternativ "høg vekst" kalla HHMH. Sjølv dette alternativet har dei siste åra vist for låg vekst, slik at me no nyttar tala frå Hordaland Fylkeskommune som tilrår 1,7 prosent årleg vekst. Framskrivinga tyder på at den sterke folkeveksten i Hordaland og store delar av landet elles vil halde fram. Ifølgje framskrivinga ligg det an til at heile 23 av kommunane i Hordaland får vekst i folketallet fram mot 2020, i 10 kommunar er det venta nedgang. Det er forventa sterk auke i folketallet i Bergensregionen. Faktorar som påverkar folketal kan vera endra kommunikasjon, arbeidsmarknad, tilrettelegging/satsing. Om den sterke folkeveksten i perioden 2011-2014 held fram med ein gjennomsnittleg vekst på over 3 prosent, vil fylkeskommunen sin prognose også bli for låg. Storparten av auken i folketallet grunnast tilflytting. Kommunen har fødselsoverskot, men fire av fem «nye øygardingar» er ein innflyttar. Under punkt 4.5 «Framskriving av folketallet», vert det lagt fram alternative prognoser for framskrivinga.




Fig 2: Folketalet pr. 01.01.2014 – fordelt på krinsar (Kjelde:SSB)

**Folketalsutvikling frå 01.01.07 - 01.01.14 i krinsane:**

| Krins               | Busette<br>1.1.2007 | Busette<br>1.1.2014 | Endring<br>antal | Endring<br>prosent |
|---------------------|---------------------|---------------------|------------------|--------------------|
| Toftøy              | 1145                | 1288                | 143              | 12,5               |
| Rong                | 1004                | 1254                | 250              | 24,9               |
| Blomvåg             | 554                 | 611                 | 57               | 10,3               |
| Breivik             | 348                 | 421                 | 73               | 21,0               |
| Alvheim             | 534                 | 576                 | 42               | 7,9                |
| Hatten              | 217                 | 213                 | -3               | -1,2               |
| Bakken              | 314                 | 328                 | 14               | 4,5                |
| Hernar              | 18                  | 13                  | -5               | -27,8              |
| <b>Sum Øygarden</b> | <b>4134</b>         | <b>4704</b>         | <b>628</b>       | <b>15,2</b>        |

Tabell 1: Befolkningsendring i krinsane i perioden 2007 – 2014


**Utvikling av folketalet : 2000 , 2007 , 2014 - krinsvis**

Fig.3 : Folketalsutviklinga krinsvis i åra 2000, 2007 og 2014 (Kjelde: SSB)

Pr. 01.01.2014 var det 4704 innbyggjarar i Øygarden kommune. I perioden 1995 – 2005 var gjennomsnittleg auke 1,6 %. I perioden 2011 – 2014 var årleg gjennomsnittleg folkeauke 3 %. Dette er med på å forsterka trenden med ein sterkare vekst. Alle krinsane har hatt auke i folketalet unnateke Hatten og Hernar. Rong krins toppar veksten i perioden 2007-2014, og folketalet i denne krisen har auka med om lag 25 % i nemnde tidsrom, sjå Tabell 1 over. Deretter følgjer Breivik og Toftøy (prosentvis auke). I Hernar krins har folketalet gått tilbake med om lag 28 % (2007-2014).

#### 4.2 Alderssamansetnad

Øygarden kommune har ei ung befolkning samanlikna med snittet for Hordaland (fig 4) I aldersgruppa 20 – 39 år er det noko færre samanlikna med Hordaland.

Noko av forklaringa på dette er at mange flyttar vekk frå kommunen i samband med høgare utdanning. Trenden er den same i andre kommunar i regionen.




Fig 4: Aldersfordeling fordelt på kvinner og menn i Øygarden (kjelde SSB). Den største auken har kome i aldersgruppene 20-44 år og 45-66 år. Dette skuldast i stor grad tilflytting. I aldersgruppa 6-12, 13-15 år har det vore ein nedgang dei siste åra. Gruppa 16-19 år har framgang. Aldersgruppa 67-79 år syner nedgang i byrjinga av tiåret, men stig igjen dei neste sju åra. Gruppa over 80 år har hatt jamn auke.

#### 4.3 Befolkning etter sivil stand




Fig 5. Befolkninga krinsvis fordelt etter sivil stand. (Kjelde: SSB)

Samfunnsutviklinga for Øygarden er mykje lik landet elles. Dette skaper behov for ein meir mangfaldig bustadmarknad med variert utval av husvære, primært lokalisert til kommunesenteret på Rong, Toftøy og lokalsenteret på Tjeldstø.

#### 4.4 Inn- og utflytting, pendling

Dei siste 10 åra er det hovudsakleg endringar i inn- og utflytting som har gjeve utslag på folketalsutviklinga i kommunen. Fødselsoverskotet har likevel hatt aukande kurve siste 6-7 år medan inn- og utflytting først i åra etter 2011 har vore med å påverka folketilveksten.

##### Pendling til og frå kommunen

Fylkesstatistikk for Hordaland 2007 viser at om lag 50 % av dei yrkesaktive i Øygarden kommune pendlar dagleg. Kring 1000 personar dreg ut av Øygarden kommune i samband med dagleg arbeid (utpendling), medan vel 300 personar reiser til Øygarden for å arbeida (innpendling).




Fig. 6: Arbeidspendling ut frå kommunen til nabokommunane for busette i Øygarden




Fig 7: Arbeidspendling inn til kommunen frå busette i nabokommunane til Øygarden

Utpendlinga skjer hovudsakleg frå sørre delar av kommunen, medan innpendling i hovudsak går til dei store industrianlegga. Dette betyr at gode kommunikasjonar og relativt korte avstandar gjer Region Vest til ein felles bustad- og arbeidsmarknad.

## 4.4 Framskriving av folketal

| Krins:                         | 2000        | 2005        | 2012        | 2013        | 2014        | 2020        | 2025        | 2030        | 2035        |
|--------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Toftøy                         | 936         | 1073        | 1168        | 1214        | 1288        | 1425        | 1550        | 1687        | 1835        |
| Rong                           | 820         | 968         | 1180        | 1238        | 1254        | 1387        | 1509        | 1642        | 1787        |
| Blomvåg                        | 520         | 537         | 582         | 569         | 611         | 676         | 735         | 800         | 871         |
| Breivik                        | 251         | 303         | 393         | 411         | 421         | 466         | 507         | 552         | 600         |
| Alvheim                        | 523         | 539         | 551         | 566         | 576         | 637         | 693         | 754         | 821         |
| Hatten                         | 229         | 217         | 204         | 218         | 213         | 235         | 256         | 278         | 303         |
| Bakken                         | 300         | 314         | 325         | 330         | 328         | 362         | 395         | 430         | 467         |
| Hernar                         | 34          | 24          | 16          | 14          | 13          | 14          | 15          | 16          | 18          |
| <b>Total</b>                   | <b>3623</b> | <b>3975</b> | <b>4419</b> | <b>4563</b> | <b>4704</b> | <b>5202</b> | <b>5660</b> | <b>6159</b> | <b>6702</b> |
| <b>Prognose<br/>Antal-auke</b> |             |             |             |             |             | 498         | 458         | 499         | 543         |
| <b>Prognose<br/>prosent</b>    |             |             |             |             |             | 1,7         | 1,7         | 1,7         | 1,7         |

Tabell 2: Folketal i Øygarden, krinsvis oversikt for perioden 2000 – 2014. Framskriving av folketallet 2020 – 2035. Framskrivinga er basert på ein samla årleg auke på 1,70% jfr Hordaland Fylkeskommune sin prognose pr. juni 2013. Det er ikkje differensiert mellom krinsane. Statistikken syner høgast vekst (antal) i Toftøy og Rong krinsar.




Fig 6: I kommuneplanen er det lagt opp til ei folkevekst på 1,70 % vist i blå kurve. Om veksten held fram som i perioden 2011-2014 med 3 % årleg, er dette vist med den grønne kurva. Den raude kurva viser ein vekst i folketallet på 2,25 %.

Kommunen har ikkje nytta ulike prosentsatsar ved framskriving av folketallet i dei åtte krinsane, jfr Tabell 2 over. Grunna arbeidsmarknad, utpensing og sentralisering av offentlege tenester vil truleg storparten av folketalsauken koma i dei søre krinsane. Dette er og i samsvar med overordna føring om samordna areal- og transportplanlegging. Det

er likevel viktig at ein ikkje konkluderer med at nordre deler av kommunen, grunna liten folketalsauke, ikkje har behov for bustadareal. Det er mange hus nordover som vert nytta som fritidsbustad, slik at det er få/ingen hus som står tomme. Kommunen ønskjer folketalsauke og bustadareal i heile kommunen, noko det må leggjast til rette for.

## 5. Øygarden i regionen

### 5.1 MÅL

Øygarden med sine olje- og gassrelaterte verksemdar, sin unike lokalisering for å utvikla kystsamfunn og sjøareala som ressurs, skal vera ein pådrivar og ein bidragsytar for vidare utvikling av Region Vest. Kommunen skal arbeida for auka deltaking og aktivitet regionalt og gjennom interkommunalt samarbeid.

### 5.2 STRATEGIAR

- Leggja til rette for alle typar næringsverksemdar, nye verksemdar knytt til satsing på fornybar energi, marine og maritime aktivitetar
- Styrkja utdanningstilbodet i regionen i samarbeid med næringslivet
- Delta aktivt i regionale samarbeidsorgan – blant anna Regionråd Vest
- Utvikla regionale løysingar for å innfri måla i samhandlingsreforma
- Delta i målretta utvikling av interkommunalt samarbeid for å få til effektivisering, kostnadsreduksjonar, kompetanseoppbygging og betre rekruttering av arbeidskraft
- Samarbeida med næringsliv og lag, frivillige organisasjonar om aktivitetar og kulturtilbod
- Samarbeida med nabokommunane om å realisera eit nytt fastlandsamband til Bergen og utvikla og modernisera vegnettet i regionen
- Skapa positive haldningar i og til regionen som Øygarden er ein del av

### 5.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING

Øygarden er ein del av Region Vest der dei fire kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden har eit samla folketal i 2013 på vel 61.000.

I 2010 vart Regionråd Vest skipa av kommunane Fjell, Sund, Øygarden og Askøy. Rådet sin styringskompetanse er representert gjennom ordførarane. Rådmennene frå alle kommunane har møte- og talerett. Øygarden sin dåverande ordførar (2010) Olav Martin Vik var den første leiaren. Hovudmålet til Regionrådet Vest er å utvikla regionen innan arbeidsmarknaden, næring, samferdsle, utdanning, kompetanseutvikling og interkommunalt samarbeid. Regionen er blant dei hurtigast veksande i landet med stor tilflytting og mange nyetableringar. Store industrietableringar som Kollsnes, Sture, CCB på Ågotnes, Horsøy / Juvik på Askøy (Frank Mohn) og store fiskeforedlingsverksemdar i Sund, er

lokomotiva i næringslivet i regionen. Utover dette er det eit mangfaldig og rikt næringsliv representert innan mange felt. Kompetansen er relativ høg for regionen som heile, men med betydelege skilnader mellom kommunane.



Regionråd Vest er ein del av den store bergensregionen, og området kan definerast som ein felles arbeids-, bustad- og service-marknad med Bergen som hovudsenter. Det gamle regionrådet for Bergen og Omland vart reorganisert til "Bergensalliansen" i 2010 der vår kommune også deltek. Selskapet Gode Sirklar er regionen sin innovatør for nærings- og kompetanseutvikling. Øygarden er også tilslutta samarbeidsselskapet Business Region Bergen.

Regionen har felles interesse av at eit nytt fastlandsamband må etablerast til Bergen. Dette er naudsynt om utviklinga i regionen ikkje skal stoppa opp. Øygarden kommune meiner eit brualternativ er beste løysinga. Regionen samarbeider med Bergen kommune (barnevernsvakta) om ei vaktordning innan barnevernet utanom vanleg arbeidstid og på heilagdagar og i feriar.

I 2009 vedtok kommunestyra å satsa på ei felles løysing for ASVO (arbeidssamvirke) gjennom det kommunale selskapet Trigger AS, som held til på Askøy. I samhandlingsreforma vert det oppmoda om å inngå forpliktande avtalar mellom kommunar / samarbeidande kommunar og helseføretak om mellom anna oppgåvefordeling og samarbeid.

For mindre kommunar som Øygarden, vil utvikling av interkommunalt samarbeid vera avgjerande for å kunne løysa alle oppgåvene som vert lagt til kommunesektoren på ein fagleg forsvarleg måte. Øygarden kommune vil halda fram med å finna gode regionale og interkommunale samarbeidsløysingar innan tenesteområde som krev kompetanse, økonomi og organisering utover det kommunen kan stilla opp med åleine.

## 6. Omdøme og lokal identitet

### 6.1 MÅL

I Øygarden skal me bera fram vår lokale kulturarv og vårt særpreg som vil styrkja vårt gode omdøme og vår lokale identitet. Øygarden kommune ønskjer å skapa inspirerende arbeidsmiljø og vera ein attraktiv arbeidsgjevar.

### 6.2 STRATEGIAR

- Kommunen sitt omdøme og identitet skal forankrast i vår lokale historie og i notida
- Kommunen vil sikra nynorsk som skriftspråk og stimulera til at bruken av den lokale striledialekten vert vidareført som talespråk til nye generasjonar
- Vidareutvikla omdøme strategien omkring "Brubyggjaren" og Øygarden kommune som ein attraktiv arbeidsgjevar
- Vidareutvikla leiing basert på relasjonskompetanse
- Vera open for nye idear og ny kunnskap

### 6.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING

#### 6.3.1 Omdøme



*Vestgar ved kaia i Ovågen*

Øygarden si historie er forankra i kystkulturen der fiskarbonden stod sentralt. Den nye tida er representert med olje- og gassindustri i kommunen, fastlandsamband og stor auke i folketalet. I ei rivande og rask utvikling er det viktig og vita "kven me er, kor er me no og kva vil me?" Øygarden vil med utgangspunkt i historia og utviklinga i næringslivet i regionen, leggja til rette for at kommunen vera i posisjon til å utvikla kystsamfunnet og ressursane i havrommet. I samband med dette har kommunen i 2010 vore gjennom eit omdøme prosjekt der me ønskjer å framheva våre lokale verdiar og identitet. Dette skal me ha med oss vidare i utviklinga av øygardsamfunnet. "Øygarden - brubyggjaren"

er valt som visjonsbilete på vår identitet. Dette skal medverka til å styrkja omdømebygginga av Øygarden kommune. Me ønskjer også framleis å vera ein nynorsk kommune og er stolt av dialekten vår. Me styrkjar også omdøme vårt ved å satsa på at Øygarden kommune får ry på seg for å vera ein velfungerande, nyskapande og attraktiv arbeidsgjevar (sjå også punkt 6.3.3 nedanfor.)

#### "Brubyggjaren"

Symbolikken ligg i abstrakte øyar som dannar ei bru – symbolet for Øygarden. Varme fargar skal gje oss ei positiv kjensle. Merkevara "Øygarden" er bygd på at Øygarden skal vera ein handlingskraftig kommune som skapar verdiar for lokalsamfunnet både gjennom eige virke og som pådrivar for ekstern aktivitet.



Kommunen skal opplevast som navet i lokalsamfunnet. Dei ulike kommunale einingane skal skapa si forståing for brubyggjaren i eigne relasjonar mellom kommunen og innbuarane.

I Øygarden skal kommunen engasjert leggja til rette for å samhandla med næringsliv, kompetansemiljø og nøkkelaktørar innan kultursektoren for å utvikla lokalsamfunnet. Kommunen vil aktivt ta del i regionalt samarbeid på dette området, med utgangspunkt i eigen kultur og identitet.

#### 6.3.3 Kommunen som arbeidsgjevar

Øygarden kommune har per oktober 2013, 471 tilsette i faste stillingar, til saman 376 årsverk. Gjennomsnittsalderen på våre tilsette er 46,6 år, og i arbeidsstokken har me vel 84 % kvinner og 16 % menn. Kommunen har tilsette i ei rekkje stillingskategoriar; frå assistentar og fagarbeidarar av ulike slag, til høgskule- og universitetsutdanna personell som til dømes sjukepleiarar, lærarar, legar, ingeniørar, sakshandsamarar og liknande.

Kompetansemålinga som vart gjennomført i 2010, synte 25% ufaglærte, 30,1% fagarbeidarar, 41,2% med høgskule-/universitetsutdanning lågare grad, og 3,7% med mastergrad/hovudfag. Talet på ufaglærte går noko ned kvart år, med tilsvarande auke for fagarbeidarar.

#### Overordna personalpolitiske mål

For å gje gode og tilstrekkelege tenester til innbyggjarane, treng kommunen til ei kvar tid nok og rett kvalifisert arbeidskraft. Som distriktskommunar elles, opplever Øygarden

tidvis vanskar med rekrutteringa. Dette krev nye og meir omfattande metodar for å skaffa den kompetansen me treng. Mangelen på arbeidskraft er eit problem ein vil sjå meir til i alle kommunar i åra som kjem. I konkurranse med store kommunar som Fjell og Bergen, må Øygarden gå nye vegar for å rekruttera og halda på medarbeidarar. Øygarden kommune sine overordna mål som arbeidsgjevar er:

Å skapa *inspirerende og gode arbeidsmiljø*, kjenneteikna av gode relasjonar mellom tilsette og leiarar, myndiggjorte medarbeidarar, høg fagleg kvalitet på arbeidet som vert utført, utvikling og nytenking og lågt sjukefråvær.

Å vera ein *attraktiv arbeidsgjevar* gjennom å by på faglege utfordringar og karriereutvikling, konkurransedyktige lønsvilkår, sosiale velferdstilbod/aktivitetar og heiltidsstilling for dei som ønskjer det.

#### **Strategiar for å nå overordna mål**

Øygarden kommune vil skapa *inspirerende og gode arbeidsmiljø* gjennom å

- driva leiing basert på relasjonskompetanse
- nytta leiarfilosofien i prosjektet «Lokalsamfunn med MOT» (pilotkommune i 2014)
- auka dei tilsette sin medverknad på arbeidsplassen
- nytta brukarundersøkingar som verkty for å vurdere kvaliteten på tenestene våre
- opna opp for kreative løysingar og nye måtar å jobba på
- driva tett oppfølging av sjukemeldte, og arbeida preventivt med å skapa helsefremjande arbeidsplassar.



Øygarden kommune vil vera ein *attraktiv arbeidsgjevar* gjennom å:

- gje dei tilsette faglege utfordringar, sjå talenta og nytta den kunnskapen til kvar enkelt

- syta for at lønsvilkåra våre er på line med vilkåra til nabokommunane
- drifta velferdsordningar og aktivitetar gjennom velferdsutvalet og lokale initiativ i einingane
- setja i verk tiltak mot uønska deltid

#### **6.3.4 Øygarden kommune 50 år i 2014**

Øygarden kommune markerer 50 år som sjølvstendig kommune i 2014. I samband med jubileet vil det vere naturleg at Øygarden sett fokus på seg sjølv og gjennomfører ulike arrangement for alle innbyggjarane i kommunen. Arbeidet med jubileet vil måtta omfatta dei fleste av kommunen sine fagområde. Både arbeid med infrastruktur, fokus på jubileet i barnehage og skule, kulturarrangement for barn, unge og eldre vil vera viktig fram mot sjølve jubileumsåret.

Eit viktig utfordring i arbeidet med 50-års markeringa blir bevisstgjerjing av innbyggjarane om identitet, sjølvbilete, historie og framtid, og det å byggja samhald. Øygarden sin profil «brubbyggjar» skal stå sentralt i arbeidet. Markeringa i 2014 skal bidra til å utvikla og løfta Øygarden. Jubileet skal gje effekt både i forkant og etterkant av arrangementet. Både for Øygarden kommune som ein attraktiv plass å bu - og arbeida i.

## **7. Mennesket i sentrum**

### **7.1 MÅL**

Øygarden kommune skal leggja til rette for å sikra innbyggjarane høg livskvalitet, attraktive arbeids- og bumiljø, og opplevinga av ein god kommune å bu, arbeida og leva i. Kommunen skal innarbeida folkehelseperspektivet, prinsippa om førebygging og universell utforming i alle planar og tenester.

### **7.2 STRATEGIAR**

- Kommunen skal leggja til rette for innovasjon og nyskaping i kommunale tenester og i samhandling mellom kommune og privat sektor
- Det skal utarbeidast handlingsplanar som fremjar gode levevaner, sunn livstil og trygge levekår
- Kommunen må arbeida for å sikra gode arbeidsmiljø for alle
- Satsinga på Øygarden kommune som "MOT"-kommune skal utviklast og vidareførast gjennom prosjektet «Lokalsamfunn med MOT» (2014)
- SLT-samarbeidet om kriminalitetsføre-

byggjande tiltak skal utviklast og vidareførast (Samordningsmodell for Lokale, førebyggjande Tiltak mot rus og kriminalitet.)

- I det førebyggjande arbeidet vil Øygarden vera ein aktiv deltakar i regionen sitt politiråd
- Auka kunnskapen, motivasjonen og bevisstgjerings om universell utforming i offentlig og privat sektor
- Førebyggjing skal vektleggjast i all planlegging og tenesteutøving
- Brukarperspektivet må stå sentralt og det må leggjast til rette for aktiv og reell brukarmedverknad både innanfor områda tenesteyting og tilrettelegging
- Reell og likeverdig deltaking frå brukarar og innbyggjarar i opplæring, arbeidsliv, kulturliv
- Arbeida for likestilling mellom kjønna, for menneskje med innvandrarbakgrunn og funksjonshemma - i alle delar av samfunnslivet

### 7.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING

Me ønskjer å ha eit sterkt fokus på helse. Det er teke utgangspunkt i fylkesmannen og fylkeskommunen sine innspel til planprogrammet . I planen vil me synleggjera korleis nasjonale strategiar og planar kring tema folkehelse skal setjast i verk i Øygarden kommune.

#### 7.3.1 Folkehelse

Føremålet med folkehelselova er (§1):

*«Formålet med denne loven er å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevner sosiale helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse.»*

Gjennom «Folkehelsemeldinga: God helse – felles ansvar» (St. meld. 34 (2012-2013), legg staten føringar for gjennomføringa av intensjonane i folkehelselova, også på kommunalt nivå. Sjå også kap. 16 i kommuneplandokumentet. § 5 i folkehelselova pålegg kommunen dette ansvaret:

*«Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkningen og de positive og negative faktorer som kan virke inn på denne. Oversikten skal blant annet baseres på:*  
a) opplysninger som statlige helsemyndigheter

*og fylkeskommunen gjør tilgjengelig etter §§ 20 og 25,*

b) kunnskap fra de kommunale helse- og omsorgstjenestene, jf. helse- og

*omsorgstjenesteloven § 3-3 og*  
c) kunnskap om faktorer og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha innvirkning på befolkningens helse.

*Oversikten skal være skriftlig og identifisere folkehelseutfordringene i kommunen, herunder vurdere konsekvenser og årsaksforhold. Kommunen skal særlig være oppmerksom på trekk ved utviklingen som kan skape eller opprettholde sosiale eller helsemessige problemer eller sosiale helseforskjeller. Departementet kan gi nærmere forskrifter om krav til kommunens oversikt.»*

Folkehelsearbeidet er sektorovergripande og omfattar tiltak i mange samfunnsområde med sikte på å:

- Utvikla eit samfunn som legg til rette for positive helseval og sunn livsstil
- Fremja tryggleik og medverknad for den enkelte og gode oppvekstvilkår for barn og ungdom
- Førebyggja sjukdomar og skader

Folkehelsearbeidet skal vera tverrfagleg og tverretatleg. Utstrakt bruk av sektorplanar kan hindra heilskapleg samordning som skal sikrast gjennom kommuneplanen. Det vert synt til dei statlege og regionale føringane på dette området. Strategiane i denne planen har som mål å fremja folkehelsa. Øygarden kommune har inngått avtale med Hordaland Fylkeskommune om partnerskap om folkehelse (folkehelsekoordinator). Dette inneber ei gjensidig forplikting om å satsa på folkehelseiltak for å nå måla våre.

#### 7.3.2 Førebygging

Statistikk syner auke i talet på eldre personar fram mot 2020, samstundes som det vert fleire unge med samansette og omfattande hjelpebehov. Om me opprettheld tenestetilbod og struktur som i dag, vil den demografiske

utviklinga og endringa i sjukdomsbiletet kunne truga den økonomiske bereevna i samfunnet. Desse utfordringane må møtast med omfattande og langsiktige tiltak, både med omsyn til forventningar, utforming av tenestene og ansvarsfordeling mellom forvaltningsnivå.

På denne bakgrunn har regjeringa lansert Samhandlingsreforma (2009/2010). Her vert kommunane si rolle i helse- og omsorgspolitikken endra. Kommunane skal no i større grad oppfylle ambisjonane om førebygging før sjukdom oppstår. Innsatsen vert sett inn i ein tidleg fase av sjukdomsforløpet. I reforma vert det lagt til grunn at den forventa veksten i behovet for helsetenester i størst mogleg grad må finne si løysing i kommunane. Sjå pkt 8.3.4.

Kommunane skal syta for heilskapleg tenking gjennom å satsa på folkehelse, førebygging, tidlig intervensjon, tidleg diagnostikk, behandling og oppfølging. Det heilskaplege pasientforløpet kan då ivaretaast innafør beste effektive omsorgsnivå (BEON). Eit sentralt poeng er at kommunane kan sjå helse- og omsorgssektoren i samanheng med dei andre samfunnsområda der dei har ansvar / oppgåver.

### 7.3.3 Universell utforming

I Noreg vert brukt denne definisjonen på universell utforming:

*Universell utforming ("design for all") er utforming og samansetting av ulike produkt og omgavnader på ein slik måte at dei kan brukast av alle, i størst mogeleg grad, utan behov for tilpassing eller spesiell utforming.*

Universelt utforma bustader har ingen spesiell stil eller form, men vidarefører dei gode løysingane frå bustader med livsløps-standard. Medan livsløpsbustaden er tilpassa menneskje med nedsett rørsleevne, er universelt utforma bustader også retta mot menneskje med nedsett orienteringsevne (reduert syn, hørsel og evne til å forstå) samt astma og allergi.

*Denne tilnærmingsmåten kan brukast over alt – både ved utforming av bustader, uteareal, produkt, transportmiddel osv.*

Ved å setja krav om universell utforming, får me eit samfunn med mindre trong for spesiell tilpassing. Dette kan gje dei fleste av oss betre livskvalitet. Som følgje av dette vil kommunen i framtida spare kostnader ved å henta ut store helse – og levekårsvinstar.

Etter rikspolitiske retningslinjer er det eit krav til den kommunale planprosessen at kommunen skal ivareta universell utforming i all planlegging etter plan- og bygningslova. Det er difor ikkje nødvendig med kommunale føresegnar i planen for å sikra dette.



Skulestart Alvheim skule

### 7.3.4 Likestilling

Prosjektet "Kvinner i lokalpolitikken" var med på å setja fokus på kvinner si deltaking lokalt. Kvinneandelen i kommunestyret og andre politiske utval etter 2012-vallet var god. Sjølv om prosjektet no er nedlagt, må kommunen arbeida vidare med sikte på å sikra kvinneandelen i lokalpolitikken. Dette er framleis eit viktig bidrag i likestillingsarbeidet.

Kommunen skal vidare ha fokus på /arbeida for utjamning av skilnader mellom kjønna, menneskje med framandkulturell bakgrunn og funksjonshemma - i arbeidsliv, samfunnsliv og på andre arenaer både lokalt og regionalt med sikte på full likestilling. Dette er også i tråd med fylkesplan og statlege overordna føringar.

## 8. Levekår

### 8.1 MÅL

**Øygarden kommune skal leggja til rette for tenester som både i kvalitet og omfang skapar tilfredse brukarar og innbyggjarar. Gjennom brukarundersøkingar skal ein jamleg måla tenestene. Øygarden kommune vil leggja til rette for at innovasjon og nyskaping blir teke i bruk for å utvikla tenestene. Karakterane i øygardsskulen skal minst liggja på landsgjennomsnittet, eller over. Skulefritidsordninga skal styrkjast ved å integrera tilbod frå kulturskule, idrett og frivillige organisasjonar i SFO-tid.**

### 8.2 STRATEGIAR

- Barn og unge skal sikrast eit godt oppvekstmiljø som gjev tryggleik, omsorg og utvikling
- Barn og unge skal gjennom grunn-skuleopplæringa sikrast tilfredsstillande kunnskapar og positive haldningar
- Kommunen skal styrkja samarbeidet mellom skulane gjennom kunnskapsdeling og erfaringsoverføring.
- FAU si rolle skal tydeleggjerast og styrkjast for å utvikla skulen
- Det skal byggjast ny skule 1.-7.kl på Nesemyra på Tjeldstø
- Eldre, sjuke og funksjonshemma skal ha høve til å bu lengst mogleg i eigen heim, eventuelt i tilpassa bustad
- Levekårsundersøkingar skal danne grunnlag for målretta realistiske tiltak for å utjamna levekåra
- Det skal byggjast omsorgsbustadar og avlastningstilbod for menneskje med særlege behov

- Tenester og hjelp til eldre, sjuke og funksjonshemma skal tilpassast den einskilde sine behov
- Kommunen skal, innanfor dei økonomiske rammene, yta rasjonelt utforma tenester av god kvalitet.
- Samordning mellom tenestene og brukarfokus skal vera viktige element.
- Brukarundersøkjingar vert fast etablert
- Kommunen skal stimulera til innovasjon og nyskaping for å utvikla kvalitative og effektive tenester

### 8.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING

#### 8.3.1 Vurdering av levekår 2010

Kommunestyret har sett fokus på den såkalla levekårsindeksen der Øygarden har skåra lågt, og har bedt om ei nærare analyse. Våren 2010 har SINTEF etter oppdrag frå kommunen gjennom Gode Sirklar studert dei statistiske levekåra for Øygarden slik dei framkjem i SSB sine tal og gjennom intervju av eit utval personar. Av landet sine vel 430 kommunar er plasseringane slik: Øygarden nr.297 (indeks 6,7), Sund nr.253 (6) og Fjell nr.193 (5,2). Indeksen skal forståast slik at jo lågare tal dess betre verdi der talet 1 er best og 10 dårlegast. Levekåra vert målt etter følgjande indikatorar (Øygarden sin verdi i parentes):

- Sosialhjelpstilfelle (indeks 5)
- Dødligeheit (indeks 4)
- Uføretrygd (indeks 7)
- Attføring (indeks 7)
- Arbeidsledige (indeks 8)
- Overgangsstønad (indeks 9)
- Låg utdanning (indeks 3) \*

\* for indikatoren "Låg utdanning" er indeksen motsett av dei andre. Lågt tal = låg skår og motsett



Strandnellikar

Samanlikna med andre kommunar i fylket har Øygarden relativt høg arbeidsløyse og mange uføretrygda. Utover dette syner hovudfunna til SINTEF at det ikkje ser ut til at Øygarden har større utfordringar enn andre, men omtalte levekår kan betrast. Mange av dei som vert intervjuet "forstår ikkje" at det er dårlege levekår i vår kommune. "Her var det godt og bu og leva, og kommunen burde ha unike moglegheiter til å utjamna levekåra om så er", er omkvedet. Det vert synt til SINTEF sin sluttrapport med tiltak og kommunestyret si handsaming av denne.



Mykje spanande ved bryggjekanten

#### 8.3.2 Barn og unge

I 2008 samla Øygarden kommune alle hjelpetenester til barn og unge i ei felles eining kalla Familiens hus. Målet for eininga er at innbyggjarar, skular og barnehagar skal oppleve samordna, heilskaplege og støttande tenester med låg terskel for kontakt. Viktige perspektiv i Familiens Hus er å førebyggja gjennom tidleg identifisering og intervensjon, brukarmedverknad og likeverdige møte mellom fagfolk og brukarar. Familiens Hus er lokalisert i Øygarden rådhus og tenestetilbodet kan skildrast slik:

**Nivå 1 – Primær førebygging (allmenne tenester for å hindra at problem oppstår):**

- Svangerskapsomsorg
- Helsestasjon og skulehelseteneste
- Open barnehage / treffstad / babysymjing
- Foreldrerettleiing, samlivskurs o.l.
- Undervisning og rettleiing i skular og barnehagar

**Nivå 2 – Tertiær førebygging (hindra at problem varer ved eller vert vidareutvikla):**

- Foreldrerettleiing- individuelt og i grupper til familiar som har felles utfordringar
- Samspelstrening – parforhold og foreldre/barn
- Oppfølging av personar med særlege behov – individuelt eller gruppe
- Kompetanseutvikling og rettleiing til skular, barnehagar og andre samarbeidspartnarar

**Nivå 3 – Sekundær førebygging (individuelle tiltak retta mot identifiserte målgrupper):**

- Hjelpetiltak for barn, unge og vaksne med omfattande og samansette problem og som har behov for tett oppfølging (til dømes barnevern, psykisk helseteneste)
- Sakkunnige vurderingar (PPT)

Organiseringa av Familiens Hus har synt seg å fungera godt med dei utfordringane kommunen har, m.a. innan barnevern (omsorgssvikt) og åtferdsvanskar hos barn og unge. Utviklinga har synt ei volumauke på desse områda og samordning og samhandling er viktige stikkord. Det er behov for ny levekårs-/ oppvekstplan der utfordringane for barn og unge vert fokusert på spesielt.

### 8.3.3 Helse, pleie og omsorg

Tenestetilbodet innan helse, pleie og omsorg omfattar:

- pleie og omsorg i institusjon
- pleie og omsorg i heimen
- dagsenter for ulike målgrupper
- ergoterapi
- fysioterapi
- legeteneste

Øygarden kommune har dei seinare åra satsa på å byggja ut tenester til eldre. Tednebakkane omsorgssenter stod ferdig i 2003 med om lag 50 sjukeheimsplassar, dagavdeling og heimebaserte tenester. Antal eldre vil halda seg stabilt dei næraste åra, men vil stiga monaleg etter 2020. Regelmessig fysisk aktivitet er avgjerande for at eldre kan vera sjølvhjelpne så lenge som råd. Fysisk aktivitet kan redusera risiko for tidleg død, sjukdom og funksjonsevne, og har innverknad på dei eldre sin livskvalitet. Fallførebygging blant eldre kan redusera t.d lårhalsbrot. Statistikk syner at 10 - 20 av dei som får lårhalsbrot dør innan 1 år, og 25% må ha sjukeheimsplass. Gjennomsnittleg kostar eit lårhalsbrot ca kr. 341.000 årleg

(2013). Kommunen bør satsa på førebygging blant eldre i åra som kjem.

Kommunestyret vedtok i 2007 Pleie- og omsorgsplan for perioden 2007 – 2020, der det vert lagt til grunn desse overordna måla i planperioden:

- Leggja betre til rette for medisinsk behandling og tverrfagleg oppfølging i heimen
- Vidareutvikla Tednebakkane omsorgssenter med tanke på kompetanse og kapasitet til å behandla eldre som har kroniske og samansette sjukdomar, demens eller psykiske problem i tillegg til at dei har eit pleie- og omsorgsbehov
- Leggja til grunn universell utforming i all planlegging og utbygging
- Stå fram som ein attraktiv arbeidsgjevar med fokus på kvalitetsutvikling, kompetanse og arbeidsmiljø
- Delta i interkommunalt samarbeid
- Byggja omsorgsbustadar med høve til heildøgns omsorg og pleie
- Etablera samarbeid med familie, frivillige og lokalsamfunn både på system- og individnivå
- Bruka tenester frå Frivilligsentralen og Frisklivscentralen i det førebyggjande arbeidet
- Fremja førebyggjande tiltak elles slik at eldre kan vera aktive, deltakande og bu heime lengst råd er

### 8.3.4 Samhandlingsreforma

Samhandlingsreforma skal gradvis innførast i perioden 2012 – 2016, og Øygarden kommune er godt i rute. Mange av tiltaka skjer i interkommunalt samarbeid, men samhandlingsreforma pregar også tenestene lokalt.

Allereie i 2010 etablerte kommunane i Region Vest, saman med Helse Bergen, ei intermediær avdelinga på Straume, som er eit behandlingstilbod etter sjukehusopphald og før utskrivning til heimen. Avdelinga har seks senger.

Hausten 2012 vart lindrande eining opna på Askøy Sykehjem. Også denne avdelinga er eit samarbeid mellom kommunane i Region Vest og Helse Bergen, etter same modell som intermediær avdeling på Straume. Avdelinga har ein kapasitet på fire senger, og skal i tillegg til sengepost vera eit kompetansesenter og ressursteam for heimetenestene/sjukeheimane i kommunane i høve til lindrande og palliativ behandling.

I samarbeid med Helse Bergen har Øygarden etablert ei seng for øyeblikkeleg hjelp på Tednebakkane omsorgssenter. Senga skal

nyttast i staden for sjukehusopphald, og driftskostnadane på om lag 900 000 kr pr år, er finansiert av Helse Bergen/Helsedirektoratet. Det er klare kriterier knytt til diagnose, behandling og lengde på liggetid. Legetenesta har ansvar for behandling. Oppfølging av pasienten skjer i tett samarbeid mellom lege og personalet på sjukeheimen.



*Frå Hernar*

Frå og med 2012 betalar kommunen ein døgnpris på om lag 4000 kr dersom utskrivingsklare pasientar vert liggjande på sjukehus etter at dei er ferdigbehandla. Øygarden har hatt stort fokus på, og har både i 2012 og 2013 tatt imot alle ferdigbehandla pasientar som treng oppfølging i heimen eller på sjukeheimen.

Med unntak av nokre få diagnosegrupper har kommunane også fått medfinansieringsansvar på 20 % for alle sjukehusopphald og polikliniske behandlingar i spesialisthelsetenesta. Øygarden sin kostnad knytt til medfinansiering er om lag 4,5 mill kr i 2013.

Som første kommune i Hordaland opna Øygarden Frisklivsentral våren 2012. Denne gir tilbod om rettleiing og oppfølging i høve til kosthald, fysisk aktivitet, eller røykeslutt for å førebyggja og redusera livsstilssjukdomar. Dette er eit samarbeid mellom Familiens Hus, legetenesta, pleie og omsorg, NAV og Frivilligsentralen, koordinert og drifta av folkehelsekoordinator.

Øygarden kommune har for lågt folketal til åleine å kunne ta på seg alle oppgåver som vert overført til kommunane i regi av samhandlingsreforma. Kommunen planlegg difor, saman med dei andre kommunane i Region Vest og Helse Bergen, eit lokalmedisinsk senter på Straume der Fjell kommune står som byggherre. Dette senteret er unikt i sitt slag, og vil innehalda rehabilitering, friskliv og meistring, intermediær avdeling, dialyse, høysesentral, allmennlegar, spesialistteneste, ambulansestasjon og legevakt m.m.

### 8.3.5 Sosial omsorg

NAV Øygarden vart etablert i 2009 i nye lokale på Rong Senter. Den overordna målsetjinga for NAV er å samordna sosiale og økonomiske tenester innan stat og kommune og medverka til sosial og økonomisk tryggleik. Sett i lys av at Øygarden har relativt mange arbeidslause og mange uføretrygda, skal det vera ei prioritert oppgåve å fremja overgang til arbeid og aktiv verksemd. Kommunen har mange som søker kommunal bustad av sosiale årsaker, og høg andel rusmisbrukarar, t.d. er det i 2013 17 personar som får LAR-behandling via legetenesta (legemiddelassistert behandling). Då desse forholda heng nøye saman med fråver av arbeid, har kommunen vald å leggja hovudansvaret for rusomsorg og bustadoppfølging til NAV-kontoret.

Øygarden kommune har gjort vedtak om å ta imot flyktningar for busetjing i planperioden, og hovudansvaret for mottak av flyktningar er lagt til NAV-kontoret. For å sikra god integrering er det viktig med systematisk samarbeid mellom dei ulike hjelpetenester i kommunen, samhandla med organisasjonar og frivillige, samt inngå interkommunalt samarbeid der det er føremålstenleg.



*Fisking må lærast tidleg*

### 8.3.6 Barnehage

Nasjonalt har det dei siste åra skjedd store endringar i barnehagesektoren: Full barnehagedekning har vore ei målsetjing. Det er innført redusert foreldrebetaling ved maksimalpris. Tiltaka er følgde opp med auka investerings- og driftstilskot til kommunar og private barnehageeigarar. Frå 2009 er det lovfesta rett til barnehageplass. Frå 01.01.11 er dei tidlegare statlege øyemerka driftstilskota til barnehagane lagt inn i rammeoverføringane frå staten til kommunane. Lokalt er det i perioden 2004 - 2009 oppretta tre kommunale barnehagar: Breivik barnehage, Tjeldstø barnehage og nye Terna barnehage. Tidlegare Terna barnehage er omgjort til småbarns-barnehage. For å

opnå full dekning, blei det hausten 2008 etablert to avdelingar i Havly barnehage på Toftøy. Våren 2009 vart det i tillegg opna ein småbarnsavdeling på Toftøy, i kommunale lokale, drifta av Havly barnehage.

I 2010 la kommunen til rette for privat utbygging av ny barnehage på Toftøy. Toftøy barnehage, som vart bygd av NLM (Norsk Luthersk Misjonssamband) og opna ved årsskiftet 2012/2013. Havly barnehage vart nedlagt 30.07.12, og NLM drifta Havly sine lokale fram til den nye barnehagen stod ferdig. Toftøy barnehage har større kapasitet enn Havly, 113 barn i 2013, og har medverka til at foreldra i større grad kan velja barnehage.

Kommunestyret vedtok 11. desember 2013, å be rådmannen greia ut framtidig barnehagestruktur med tre barnehagar i kommunen. Kommunestyret vedtok i same sak å omdisponera lokala i «små» Terna til avlastingsbustadar for funksjonshemma, og flytta barna frå dei to småbarnsavdelingane til Terna barnehage. Vedtaket vart gjort for å redusera høge driftskostnader i dei kommunale barnehagane som også fører med seg høge tilskot til privat barnehage.

Komite for Levekår vedtok 30.03.09 ny Barnehageplan som gjeld for perioden 2009-2015. Den nye barnehageplanen vektlegg:

- Tiltak for å nå målet om full barnehagedekning i tråd med brukarbehov
- Tiltak og strategi for kvalitet og innhald i barnehagane
- Ivaretaking av barn med særskilte behov
- Samarbeid mellom heim, barnehage og nærmiljø
- Samarbeid og likebehandling mellom kommunale og private barnehagar
- Rammevilkår og foreldrebetaling
- Barnehagen som læringsarena

Kunnskapsdepartementet prioriterer desse områda i kompetansesatsinga blant dei tilsette i barnehagane:

- pedagogisk leiing,
- barna sin medverknad,
- språkmiljø og språkstimulering,
- overgangen frå barnehage til skule.

Tilsyn er ein viktig del av det kommunale ansvaret for å sikra at barnehagelova sine krav vert følgde opp, og at kommunen som barnehagemyndede har innsyn i kva som skjer i barnehagane i kommunen. Kommunen skal utøva systematisk tilsyn i samsvar med barnehagelova, for å sikra kvaliteten og innhaldet i tilbodet til barna. Øygarden oppretta i

2010 i lag med Askøy, Fjell og Sund ei interkommunal tilsynsordning, der kvar av dei omlag 80 barnehagane i regionen får tilsyn kvart 3.år. I Øygarden er det til ei kvar tid omlag 330 barn i barnehagealder (0-6 år). Av desse går omlag 290 i barnehagane i kommunen, ca 5-10 går i nabokommunane Fjell og Bergen. Dekningsprosenten er 74,8% for 0-5 år, mot 76,2% for heile landet. Dekningsprosenten for 1-5 åringane er 88,4% mot 90,1% for landet.



*Leik og mathug i «skjønn foreining»*

Kommunen har tre kommunale barnehagar: Tjeldstø, Breivik, Terna og fire private: Toftøy barnehage og dei tre familiebarnehagane, Knappen, Spurven og Brum. Kommunen er sårbar i høve den lovfesta retten om barnehageplass. Talet på barn i barnehagealder vil bli stabilt framover, med ein liten og forventa oppgang.

Barnehagen er ein viktig del av kvardagen for mange born. Barnehagen skal medverka til å gi borna intellektuell og kjenslemessig stimulering, og til å utvikla sosial kompetanse, sjølvstende og gjera dei rusta til å byrja i skulen. Vidare er barnehagen ein viktig arena for å gje borna kunnskap og gode vanar som fremjar helsa deira, og som reduserer risiko for helseproblem i vaksen alder. Fysisk aktivitet har ein positiv innverknad på motorisk utvikling, læring, sosialt samspel, sjølvbilete og mental helse. Å vera ute er den beste garantien for at borna er fysisk aktive.

Barnehagane bør ta i bruk naturområda i nærleiken for å la borna få gode friluft- og naturopplevingar. Matvanar er sentrale i helseførebygging, og barnehagane må medverka til sunne og gode matvaner for borna.

### 8.3.7 Skule og SFO

Det er fem barneskular og ein ungdomsskule i kommunen. Øygarden ungdomsskule stod ferdig til bruk i 1997. Rong skule vart

modernisert i 1998. Blomvåg skule vart påbygd og modernisert i 2002. Frå skuleåret 2003/2004 vart elevane ved Breivik skule overført til Blomvåg skule. Breivik skule er omgjort til barnehage. Ny skule for 1.-4.klasse vart opna på Toftøy til skulestart 2008. Kommunestyret vedtok 11.12.13 å byggja ny barneskule på Tjeldstø, som skal stå ferdig til skulestart i 2015. Skulen vil gje eit betre pedagogisk tilbod for elevane frå dei nordre krinsane i kommunen. Skulen vil også styrka Tjeldstø som lokalsenter. Sidan førre planperiode har det vore satsa mykje på vedlikehald og tidhøvelege skulebygg i kommunen. Ved Blomvåg skule er det bygt nærmiljøanlegg. Totalt er det ved skuleåret 2013/2014, 637 elevar i øygdsskulen som fordeler seg med 205 elevar på ungdomskulen og 432 elevar i dei 5 barneskulane.

Øygarden kommune har satsa offensivt på naudsynt kompetanseutvikling hos personalet for å møte nye pålagte oppgåver i undervisningssektoren. Samla elevtal er venta stabilt i planperioden. Det er eit overordna mål å stadig forbetra læring og resultat i barne- og ungdomsskulen. Skulane må i større grad etablera gode system for læring gjennom heile utdanningsløpet, og særleg sikra overgangen mellom barneskulane og ungdomsskulen, og ungdomsskulen og vidaregåande skule. Auka kvalitet skal koma til uttrykk ved at resultat i elevundersøkingar, nasjonale prøvar og karakterar ligg over snittet i landet.

Skulefritidsordninga (SFO) er eit frivillig tilbod til skuleborn (1.-4.klasse), før og etter skuletid. Elevane har ein lovfesta rett til å få tilbod om SFO. Skulefritidsordning er organisert ved skulane Toftøy, Rong, Alvheim og Blomvåg. Av 257 elevar på dei fire årstrinna går det i Øygarden om lag 200 i SFO (2013). Det gjev ein dekningsgrad på 77,8%, noko som er høg deltaking på landsbasis (62,7%).

Det er ei målsetjing å styrka skulefritidsordninga ved å integrera tilbod frå kulturskule, idrett og friviljuge organisasjonar i SFO-tid. Det vil verta vurdert å tilpassa feriekubb og frivilligsentral til sommarope SFO. God tilrettelagt fysisk aktivitet er ein helsefremjande faktor i skulen. Det er ein klar samanhang mellom fysisk aktivitet som ung, og helse som vaksen. Våre helsestyresmakter ønskjer ein time dagleg fysisk aktivitet i skulen. Øygarden kommune bør vera ein føregangskommune i å implementere dette på alle skulane i kommunen. Fysisk aktivitet kan og nyttast for å nå kompetansemål. Korleis kothaldet til borna er, har stor betydning for læring og konsentrasjon. Skulen må vera medviten på læra borna gode matvaner, både på skulen og i SFO.

### 8.3.8 Vaksenopplæring

Vaksenopplæringa er heimla i eiga lov. Føremålet med lova er å fremja livslang læring ved å leggja til rette for organiserte læringsaktivitetar ved sida av det formelle utdannings-systemet, og medverka til motivasjon og tilgang til kunnskap og kompetanse for alle, og slik fremja den enkelte si utvikling og møte behova i samfunns- og arbeidslivet. Administrasjon og undervisning er lagt til Øygarden ungdomsskule. Skuleåret 2011/12 er opplæringa flytta til Toftøy skule (64-bygningen), då elevtalet (50) har auka monaleg siste året på grunn av at kommunen tar i mot flyktningar. Vaksenopplæringa bør vidare- utviklast til å verta ein sentral aktør med omsyn til kompetanseauke for vaksne innbyggjarar i kommunen.



*Aktivitetsdag i feriekubben*

### 8.3.9 Hovudutfordringar – Levekår

- Vri ressursinnsats frå behandling til førebygging og folkehelsearbeid
- Sikra individuelle, samordna og heilskaplege tenester
- Minska gapet mellom forventning i befolkninga og eit realistisk tenestetilbod
- Utvikla gode organisasjonsmodellar og gode arbeidsmiljø som sikrar effektive og berekraftige tenester på kort og lang sikt

## 9. Kultur og fritid

### 9.1 MÅL

**I Øygarden skal me saman utvikla eit attraktivt, inkluderande og mangfaldig kulturliv for å styrkja identitet, omdøme, næringsliv, trivsel og bulyst.**

## 9.2 STRATEGIAR

- Det skal byggjast idrettshall som første prosjekt men med høve for å tenka heilskap med tanke på kultur- og anleggsutvikling i åra som kjem. Dette kan stimulera og utvikla eit mangfaldig idrettsliv i kommunen og gje positive bidrag i folkehelsearbeidet.
- Gjennom Kystmuseet i Ovågen skal notid, vår lokale historie og kulturarv formidlast og nyttast for å skapa opplevingar for innbyggjarar og tilreisande
- Gjennom Kyrkjeleg Fellesråd skal kommunen sikra at kyrkjene våre vert tekne vare på for komande generasjonar
- Kommunen skal sikra at det vert tilrettelagt leikeområde i nye byggjefelt og bygd gode nærmiljøanlegg i krinsane
- Utvikling av kulturtilbodet gjennom samarbeid med lokale organisasjonar og næringsliv, med tanke på opplevingar, aktivitet og førebygging
- Vidareutvikla det interkommunale kultursamarbeidet som er etablert i regionen.
- Arbeida aktivt for å involvera innbyggjarar, spesielt born og unge i planprosessar som vedkjem denne gruppa
- Kulturminne og fornminne må sikrast for komande generasjonar. Det skal utarbeidast ein kulturminneplan som skal gje grunnlag for sikring av kulturminne / fornminne.

## 9.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING

### 9.3.1 Kulturlivet i kommunen

#### *Lag og organisasjonsliv*

Eit rikt og aktivt kulturliv i lokalmiljøet er viktig for å skapa tryggleik, kjensle av å høyre til og identitet. I Øygarden er det rundt 80-90 registrerte lag/organisasjonar. Ein del av desse har lang tradisjon, så som kristelegelag for born/unge samt nokre av idrettslaga. Andre typar lag har hatt stor oppblomstring dei siste åra. Dette gjeld særleg organisasjonar som velforeiningar og nærmiljøutval. Øygarden kommune registrerer og oppdaterer all faktainformasjon om lag og organisasjonar ved søknad om driftstilskot kvart år. Dei frivillige laga og organisasjonane driv m.a. med:

- idrett: fotball, symjing, turn styrkeløft, basketball, volleyball og dans
- ungdomsarbeid: religiøse og frilyndte ungdomslag, motorklubb
- song og musikk: musikkorps, barne-, ungdoms- og vaksenkor, trekkspel og musikkgrupper og band
- husmor- og helselag
- barnelag/barnearbeid: fritidsklubb, speidargruppe, ungdommen sin Raude

- Kross, barneforeiningar
- eldrelag/pensjonistlag
- andre, som mållag, husflidslag m.m.



*Potekjellar*

Satsinga på frivilligfeltet er eit ledd i kulturplanen i Øygarden kommune. I 2010 etablerte kommunen frivilligSentralen. Sentralen har som mål å styrke deltakinga og bredda i lokalt frivillig virke. Dette er ein møteplass for frivillig innsats, deltaking og å høyre til i nærmiljøet. FrivilligSentralen skal gjera det enklare for fleire å delta i frivillig arbeid. Det overordna målet er å støtta aktivt opp under utviklinga av eit levande lokalsamfunn. Tiltaket er eigd av Øygarden kommune.

Kommunen vil ha eit prøveprosjekt for 2014-2015 der ein ser på organisering av krinsutval og velforeiningar som eit felles kommunalt nærmiljøråd.

#### *Kyrkjer og gravplassar*

Øygarden kommune har tre kyrkjer: Blomvåg Kyrkje, Hjelme kyrkje og Hjelme gamle kyrkje. Hjelme gamle kyrkje vart bygd i 1875 og er i dag mest nytta til bryllaup, konsertar o.l. Blomvåg Kyrkje vart rehabilitert og fekk nytt golv i 2010. Det er viktig at kyrkjebygningane vert tekne vare på. Trinn 1 av utvida gravplass ved Hjelme kyrkje, vart vigsla i april 2014. På sikt vil det vera behov for vidare utviding av gravplassane i Blomvåg (Bårdalen) og Hjelme.



### **Forsamlingslokale og idrettsanlegg**

Det er ikkje kommunalt kulturhus i Øygarden. Ved større arrangement vert Samfunnshuset på Rong, eller ungdomshuset Stølen på Nautnes nytta. Skulebygg og bedehus er mykje nytta til møtelokale. Det er tre fotballbaner i kommunen, to med krøllgras, Rong Stadion og Nesemyra Stadion, i tillegg til Toftøybana som vert nytta til aldersbestemt fotball, og som kommunen har planar om å oppgradera. Banene på Rong og Nesemyra har garderobe- og lysanlegg. Vidare er det kommunal symjehall og terapibasseng på Rong. Idrettshall på Rong som er under planlegging, vil kunna fylla mange aktivitetsbehov som er etterspurde av innbyggjarane. Gjennom kulturplanen 2013-2023 er det sett fokus på kultur- og anleggsutviklinga i eit tiårs perspektiv.

### **Kulturskule**

Alle elevar skal få kulturskuleopplæring i samsvar med evner og føresetnadar. Undervisninga må ta utgangspunkt i at alle menneskje har behov for å gje uttrykk for kjensler, tankar og fantasiar gjennom kunstnariske uttrykksformer. Kulturskulen må leggja til rette for opplæring som fremjar glede i skapande virke, personleg vekst og kunstnarisk utvikling, og som bidrar til eit meningsfylt liv. Kulturskulen skal vera samarbeidspartner for grunnskulen. Det interkommunale samarbeidet med Fjell vil gje auka kompetanse og eit større mangfald av aktivitetar..

### **Øygarden bibliotek /skulebibliotek**

Folkebiblioteka har til oppgåve å fremja opplysning, utdanning og annan kulturell verksemd. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbod til barn og vaksne leggja vekt på kvalitet, vera allsidig og aktuell. Verksemda skal vera retta ut mot innbyggjarane og tilboda skal gjerast kjent. Folkebiblioteka er ledd i eit nasjonalt biblioteksystem. Øygarden folkebibliotek vart lokalisert til nye lokale i Rong Senter i 2009. Skulebiblioteket skal fungera som eit læringscenter for elevane, der dei kan finna stoff til oppgåver og prosjekt. Samstundes skal biblioteket ha eit innhald som appellerer til elevane på fritida.

### **Kulturminne og Kystmuseet**

Førre kommuneplan hadde også som mål å få på plass ein kulturminneplan. I denne planperioden skal dette arbeidet prioriterast, Kulturkontoret førebur oppstartsak for planarbeidet i 2014, jfr KS.89 /13. Med kulturminne forstår vi alle spor etter menneskeleg verksemd, mellom anna lokalitetar det knytter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.

Kulturminna fortel ei historie om tidlegare tider si utnytting av naturressursane og ofte om tilpassing til marginale tilhøve. Kulturminna og kulturmiljøa er ikkje fornybare ressursar som samfunnet må forvalta slik at dei ikkje går tapt, eller at deira mangfald forsvinn. I samband med dei store industriutbyggingane dei siste åra har det vorte kartlagt mange nye fornminne/kulturminne i kommunen. Ny kulturplan med nye tiltak er vedteken i 2013. Målsetjingane og tiltaka er harmonisert med samfunnsdelen sine mål og strategiar. Kulturminneplanen vert påbyrja i 2014. Øygarden kommune eig stiftinga "Kystmuseet i Øygarden" som driv Kystmuseet i Ovågen. Kystmuseet skal formidla både notida og den lokale kulturarven til innbyggjarar og tilreisande. Det skal skapast opplevingar t.d. gjennom visningsanlegget for oppdrett som vart etablert i 2009.

Kystmuseet i Øygarden er bygd opp som eit økomuseum. Museet skal vera ein kunnskapsbase og ein identitetsskapar. Målet er å dokumentera utnytting av havet, garden og utmarka, samt bu- og byggeskikk i kommunen. På bakgrunn av denne kunnskapen lagar museet formidlings- og utstillingsprosjekt som gjev god kunnskap om og forståing av levestett i regionen.

### **Friluftsliv**

I Øygarden er det merka ei rekkje turløyper for turgårar og friluftinteresserte. Desse finst i heile kommunen. Mange av dei inngår i den såkalla "Nordsjøløypa". Bergen og Omland Friluftsråd disponerer fleire område til badeplassar og friluftsområde. Kommunen skal ta ansvar for økonomien ved vedlikehald. Kommunen ser det som svært viktig å ta vare på desse friområda og dei opparbeidde turstiane og syta for at dei vert brukt, jfr. folkehelsearbeidet og førebyggingsprinsippa. Kommunen skal stimulera til å opparbeida universelt utforma turstiar i kommunen. Det er særskild behov for ei heilårsløypa – til det vert det kravd at ei av løypene vert lyssett.

## **10. Samfunnstryggleik**

### **10.1 MÅL**

**Øygarden kommune skal vera ein trygg kommune å bu, leva, opphalda seg og arbeida i.**

### **10.2 STRATEGIAR**

- Sikra at risiko- og sårbarheitsanalyser (KystRos –prosjektet) gjev eit heilskapleg oversyn over risikobiletet i kommunen,

- både med omsyn til naturgitte og menneskeskapte hendingar
- Ha gode system og rutiner for oppdatering av beredskapsplanane
- Sikra at kommunen har trygge skulevegar og oppgraderte trafikksikringstiltak, jfr revisjon av trafikksikringsplan
- Syta for at lokal skilting av vegar og stadsnamn er oppdatert for å sikra samfunnstryggleiken ved utrykking (brann /ambul.)
- Ha fokus på beredskapsmessige omsyn og samfunnsstryggleik i all planlegging
- I det førebyggjande arbeidet skal Øygarden vera ein aktiv deltakar i regionens politiråd
- Øygarden skal vera ein aktiv deltakar i Helse Bergen sitt samarbeidsutval med kommunane



### 10.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING

#### 10.3.1 Lokale beredskapsplanar

Kommunen har dei siste åra fått oppdatert sine beredskapsplanar som er:

- Overordna plan for samfunnsstryggleik og beredskap
- Plan for kriseleiing
- Plan for helsemessig og sosial beredskap
- Informasjonsplan
- Smittevernplan
- Beredskapsplan for personellhandtering
- Plan for psykososialt kriseteam
- Kommunal atomberedskap

#### 10.3.2 Olje og brannvern

Kommunen har godkjent brannordning. Brannordninga skal til ei kvar tid vera oppdatert med grunnlag i kommunen si Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse). Brannvesenet har brannstasjon i Naturgassparken. Brannvesenet er basert på deltidsmannskap med vakt i helgene. Brannvesenet skal vera innsatsstyrke ved brann og andre akutte ulukker som er bestemt med grunnlag i kommunen si ROS-analyse. Brannvesenet kan og få nærare bestemte oppgåver i krig- og krisesituasjonar.

Kollsnes gasshandsamingsanlegg og Stureterminalen er verksemdar der farleg kjemikalium førekjem, og dei har beredskap som skal avverja og avgrensa skadeverknader av storulukker (Jmf storulukkeforskrifta). Gjennom brannvesenet har kommunen gjensidig bistands- / samarbeidsavtale med Kollsnes Gassanlegg ved uønska hendingar som brann og ulukker. Stureterminalen er også ein del av denne beredskapen.

#### 10.3.3 Beredskap mot akutt forureining

Med bakgrunn i forureiningslova kap. 6 skal kommunen sørgja for nødvendig beredskap mot mindre tilfelle av akutt forureining, som kan inntreffa eller medføra skadeverknader innan kommunen, og som ikkje vert dekkja av privat beredskap. Staten har ansvar for å bu seg på større tilfelle av akutt forureining som store utslepp frå skipstrafikken eller i tilfelle der kjelda er ukjend.

Kommunane i Noreg har førebudd eit oljevern som er organisert gjennom 71 interkommunale område. Kommunen er med i "Det interkommunale utvalg mot akutt forureining Bergen region" (IUA) som har utarbeida ein felles beredskapsplan. Verksemdar som kan føra med seg akutt forureining har plikt til å vera fullt vernebudd mot akutt forureining. Gasshandsamingsanlegget på Kollsnes, oljeterminalen på Sture, oljeraffineringsanlegget på Mongstad og hovudskipsleia i Hjeltefjorden til Bergen, gjer sjøområda rundt Øygarden til eit høgrisiko-område for akutt forureining til sjøs. Det siste tiåret har gitt oss påminning om dette m.a frå ulukkene med "Rocknes" i Vatløstraumen ved Bergen og "Server" på Fedje.

#### 10.3.4 Risiko- og sårbarhetsanalyse

Det er eit krav etter gjeldande forskrift om konsekvensutgreiing § 2b at nye område for utbygging skal konsekvensutgreiast. I tillegg er det i ny plan- og bygningslov nytta omgrepet "hensynssoner". Slike omsynssoner kjem i tillegg til arealformåla med lovreglar,, som fortel kva eit areal kan nyttast til. Det kan visast sikrings-, støy- og faresoner med omtale av fareårsak eller miljørisiko. Dette dekkjer m.a soner utsett for skred, ras, flom, akutt forureining eller radonstråling, støysone, sone for militær verksemd, sone rundt flyplass, sone rundt kraftlinjer, sone for sikring av vassforsyning mm. Innafor sona kan det gjevast føresegnar om å forby utbygging og tiltak. Vidare setja bestemte krav til utforming, eller krevja førebyggjande eller kompenserte tiltak i reguleringsplan. Omsynssonene vil ha innverknad for utforminga av reguleringsplanar og kva vilkår som vert stilt for å tillate eventuell utbygging. Det kan og verta stilt krav om nærare undersøkingar før gjennom-

føring av planen. Dette kan m.a vera undersøkingar med tanke på å overvaka og klargjera verknadar for miljø, helse, tryggleik, tilgjenge for alle ved gjennomføring av planen. Øygarden kommune har i 2010 gjennomført ei radonkartlegging i kommunen. Saman med andre indikatorar er det utarbeidd ei fullstendig ROS-analyse knytt til arealdelen i kommuneplanen. Det vert synt til dette dokumentet.



*Havariet av "Server" ved Fedje i 2007*

### 10.3.5 Trafikksikring

I arbeidet med ny kommunedelplan for Rongøy er trafikksikring eit hovedtema. Vidare har kommunen eigen trafikksikringsplan vedteken i 2012, jfr KS. 83/12. Gjennomføringa av planen er lagt inn som tiltak i handlingsprogrammet. Det er naudsynt med ei vurdering om strategiar og tiltak skal innarbeidast i føresegner og retningslinjer i kommuneplan. Det har vore og er framleis stor utbyggingsaktivitet i kommunen. Nytt senter er bygd på Rong. Ny skule er oppført på Toftøy og det er planlagt ny skule i Nesemyra på Tjeldstø og fleirbrukshall på Rong. Nye reguleringsplanar med utvida og nye byggjefelt i kommunen set krav til trygg skuleveg dermed ein løpande oppdatert plan om trafikksikring.



Dei siste åra har kommunen arbeidd med å få på plass skilting og namn på alle mindre kommunale vegar og bygdelag. Dette er m.a. viktig for at utrykkingskjøretøy kan koma fram på raskaste vis til rett adresse. Såleis er dette eit ledd i arbeidet med ein styrka samfunns-tryggleik. Eit arbeid som må halda fram og

haldast ved like. Kommunen har gjennomført såkalla barnetråkkregistreringar knytt til skulane. Dette for at barn og unge er sikra medverknad og påverknad i planprosessen. Samstundes er viktig informasjon innhenta og nytta til aktuelle planføremål, m.a. til trygging av skuleveg og til å utarbeida trafikksikringsplanen.

### 10.3.6 Ambulanse og politi

Det er slutt på tida då Øygarden kommune hadde eigen lensmann og eigen ambulansebil. Desse tenestekområda er no samordna i større regionar. Statistikk syner at øygdssamfunnet etter omorganiseringa ikkje har vorte meir utrygt m.o.t. kriminalitet. Gjennom deltaking i politirådet for vårt lensmannsdistrikt (Askøy, Sotra og Øygarden), har kommunen sterkt fokus på kriminalitetsførebyggjande arbeid.

Kommunen var også ein del av SLT- samarbeidet i lensmannsdistriktet der hovudfokus var kriminalitetsførebyggjande arbeid. SLT-arbeidet held fram. Ambulansen som dekkjer Øygarden ved akutt behov, er stasjonert på Straume. Gjennom Helse Bergen sitt samarbeidsutval med kommunane, held ein seg godt orientert også om denne tenesta. Me kan koma med innspel og synspunkt sett frå kommunen sin ståstad.

## 11. Utbygging og infrastruktur

### 11.1 MÅL

**Øygarden kommune sin langsiktige areal- og utbyggingspolitikk skal sikra ein berekraftig bruk av areal og naturressursar. Kommunal infrastruktur må innafor ei slik ramme sikra noverande og framtidig busetnad og å utvikla næringslivet.**

### 11.2 STRATEGIAR

- Leggja tilhøva til rette slik at arealbruken vert størst mogeleg til nytte for samfunnet og den einskilde
- Innafor ein berekraftig arealbruk, må det sikrast areal til næringsetablering
- Før det nye Sotrasambandet er på plass, må Øygarden aktivt vera ein pådrivar for straksløysingar
- Heilskaplege estetiske løysingar for bygningar, uteområde og sentrums-utvikling.
- Det skal vera ei klar avgrensing mellom byggjesone og ubygd areal

- Det vert ikkje lagt ut nye hyttefelt, berre utnytting i eksisterande felt. Spreidd hyttebygging i mindre omfang kan tillatast på øyane i nord etter ein nærare plan
- Bustadutbygging skal i størst mogleg grad finna stad i regulerte felt og i senterområde. Gjennom styrt arealforvaltning i LNF-områda vil ein og leggja til rette for spreidd bustadbygging slik at det kjem tilvekst i bygdene



- Kommunen har kaiar tilgjengelege for allmenta, iht. regelverk for hamnar. Når det gjeld småbåthamnar, vil kommunen gjennom kommuneplanen sin arealdel leggja til rette for privat utbygging. I Rong sentrumsområde vil kommunen vurdere kommunalt anlegg i nærleiken av rådhuset.
- Sikra alle offentlege kaiar for framtidig bruk for alle (universell utforming)
- Sikra utvikling og vedlikehald av kommunale bygg, vegar, gang- og sykkelstiar
- Sikra reint og nok vatn til alle innbyggjarar og næringslivet
- Sikra avlaupsnett som tryggar miljøet med eit minimum av forureinande utslepp
- Landbruksareala i kommunen skal i størst mogleg grad takast vare på.
- Strandsona skal vernast mot utbyggings tiltak som kan redusere verdien som natur- og friområde med tilgjenge for alle.
- Ferskvatna må vernast mot utbygging og øydelegging og forvaltast på ein slik måte at verdien av området vert oppretthalde. I denne samanheng må ein og rekna med tilførselsbekkane og nedslagsfelta.

### 11.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING

#### 11.3.1 Kommunen som eigar i selskap

Kommunestyret har i møte 10.11.10 sak KS.56/10 vedteke "Eigarskapsmeldinga". Eigarskapsmeldinga er eit overordna politisk styringsinstrument for all verksemd som er lagt til anna rettssubjekt, eige styre eller til eit interkommunalt organ. Gjennom eigarskaps-

meldinga er det etablert prinsipp og retningslinjer for kommunal styring av selskapa, som kan sikra politisk og administrativ oppfølging av selskapet eller samarbeidet.

Målet er at kommunen blir ein aktiv, sikker og langsiktig eigar, som kan sjå til at selskapet eller samarbeidet driv i tråd med føresegner og føremål. Kommunen kan også bruka eigarskapsmeldinga som eit meir direkte styringsinstrument overfor selskapsstyra. Til dømes kan kommunen fastleggja sitt syn i selskap kommunen er deleigar i, med tanke på å få til ein felles selskapsstrategi med dei andre eigarane. Kommunen vil til ei kvar tid leggja til grunn siste oppdaterte og vedtekne "Eigarmelding" som styrande på dette området.

#### 11.3.2 Bustadbygging

Ved førre revisjon av kommuneplanen vart det gjort ein grundig gjennomgang av befolkningsutviklinga i kommunen. Det vart lagt til grunn ei gjennomsnittleg auke i befolkinga på 1,82% i planperioden. Størst var forventta auke i sør, medan det var venta moderat auke nord i kommunen. Faktisk befolkningsauke for perioden 05-10 var på 1,43 % slik at det pr. 1.1.13 budde 4563 personar i kommunen mot 3975 i 2005.

Breivik krins hadde størst prosentvis folkeauke, medan krinsane Alvheim, Hatten og Hernar har hatt ein tilbakegang i folketal.

Det vert no lagt til grunn ei framskriving på 1,7% årleg folkevekst. Etter dette vil folketallet i kommunen auke med om lag 750 personar fram til slutten av planperioden i 2022. Trong for nye bustadområde må tilpassast etter framskriving og retningslinjer for samordna areal og transportplanlegging. Sjå også punkt 11.3.4 "Tomterreserve". Ei folketalsauke i perioden på 750 personar utgjer eit bustadbehov på om lag 250 einingar. Det er pr oktober 2013 ein ledig tomterreserve i kommunen på om lag 1600 einingar.

Vidare kan folketallet nordover i kommunen til ein viss grad påverkast av tilrettelegging med attraktive tomter, gode offentlege tilbod innan skule / kommunikasjon, høgt aktivitetsnivå innan næringsliv / reiseliv og marknadsføring./ Likevel ser ein at folketallet frå og med Tjeldstø og nordover dei siste 12 åra er redusert, sjølv om det ikkje har vore mangel på tomter. Etablering av ny barneskule på Nesemyra kan medverka til å stabilisera folketallet og auka tilflyttinga til området.



Kollsnesflammen

### 11.3.3 Fritidsbustader og hytter

Ved førre revisjon kom det svært mange innspel om å få endra planstatus frå LNF til byggeområde for hytter. Kommunestyret gjorde prinsippvedtak om at det ikkje vert opna for nye hytteområde, men ein kan vurdere å utvida eksisterande felt. Desse prinsippa for hyttebygging og fritidsbustadar vert vidareført i denne planperioden. Kommunen kan tillata hyttebygging i mindre skala på øyane i nord.

### 11.3.4 Vurdering av tomterese

| Krins      | Innb<br>1.1.13 | Ledige<br>einingar | Busette/ledige<br>eining |
|------------|----------------|--------------------|--------------------------|
| Toftøy     | 1214           | 280                | 4,3                      |
| Rong       | 1238           | 490                | 2,5                      |
| Blomvåg    | 569            | 50                 | 11,4                     |
| Breivik    | 411            | 305                | 1,3                      |
| Alvheim    | 566            | 400                | 1,4                      |
| Hatten     | 218            | 29                 | 7,5                      |
| Bakken     | 330            | 80                 | 4,1                      |
| Hernar     | 14             | 2                  | 7,0                      |
| <b>Sum</b> | <b>4560</b>    | <b>1636</b>        | <b>2,8</b>               |

Følgjande er rekna med:

- Areal sett av til bustadføremål – ikkje regulert, rekna med ca 1 eining pr. dekar
- Regulerte felt, godkjente - tomter som ikkje er selt/manglar bebyggelsesplan
- Regulerte felt, ikkje godkjente – tatt utgangspunkt i antal einingar i planframlegg
- LNF – kvote i revidert plan
- Avgrensingar gjort ved politisk handsaming av motsegn frå Fylkeskommune kring mengde framtidig bustadareal

Det er bygd gjennomsnittleg 45 einingar i Øygarden dei siste sju åra. Tar ein utgangspunkt i dei 1600 ledige einingane og deler dette på 40 får ein tomterese som teoretisk kan vara i 40 år. Det er likevel viktig å peike på at mange av desse planprosjekta ligg langt fram i tid, og dei vil ikkje løyse ut byggjeland før mot slutten av planperioden. Nokre prosjekt ventar på offentleg VA, medan andre ikkje er realisert av ulike årsaker. Tomterese kan difor ikkje brukast statisk. Den gjev berre ein peikepinn på at det i planperioden er avsett tilstrekkeleg areal til byggjeland.

### 11.3.5 Utbyggingsavtale

Bruk av utbyggingsavtalar har etterkvart vorte ein vanleg måte å samordne private/offentlege interesser og fordela kostnadane slik at ikkje private aktørar sit att med overskotet, medan det offentlege får utgiftene. Utbyggingsavtalar har ikkje tidlegare vorte nytta i vår kommune. Slike avtalar er mest aktuelle for område med mykje utbygging – og der utbygginga fører til press på område som ligg under offentleg ansvar slik som VA, vegutbygging m.m. Det er ikkje høve til å inngå utbyggingsavtalar innafor område der kommunen har direkte lovpålagt ansvar som t.d. skule / omsorg. Aktuelle område å vurdere utbyggingsavtalar, kan vera i samband med kommunedelplanar, utbygging av forsyningsnett for vatn i område der dette ikkje er tilfredsstillande. Kommunen vil vurdere behovet for utbyggingsavtalar der dette kan vera aktuelt i store utbyggingssaker.



Geiterams

### 11.3.6 Senterutvikling

Flyttemønsteret i fylket dei siste ti åra viser to tydelege trendar. Den eine er ei auke i folketalet for Bergen og Omland, den andre er at flyttestraumen i kommunane viser at folk flyttar frå grendene til tettstadane og kommunesentra. I dei fylkespolitiske retningslinene heiter det at eit kommunesenter skal vera ein lokaliseringsstad for arbeidsplassar, kommunal administrasjon, kommunedekkande offentlege og private tenester og kulturtilbod. Å styrkje og utvikle sterke lokale /

kommunale sentra er i samsvar med langsiktige nasjonale mål om samordna areal og transportplanlegging. Målet er å redusera transportarbeid, utslepp av klimagassar og vern av jord og naturverdiar.

Ved utgangen av 2009 vart flyttinga av alle administrative tenester frå Tjeldstø til Rong slutført. Helse- og tenestesenteret på Rong vart omgjort til rådhus. Nokre tenester er flytta til nytt handelsenter eit steinkast unna på Rong Senter. Her ligg NAV, bibliotek samt kyrkje-kontor. Rong er no utvikla som hovudsenter i kommunen ved etablering av rådhus, helse- og legetenester, omsorgssenter og ungdomsskule. I tillegg kjem diverse leigebustader til ulike grupper. Det vert arbeidd med å utvikla Rong senterområde i kommunedelplan Rongøy.

Regionssenteret til Øygarden kommune er Straume i Fjell kommune. Ved å utvikla senteret i kommunen, kan ein gje eit meir allsidig tilbod til innbyggjarane og samstundes demma opp for noko av handelslekkasjen til nabokommunane Fjell og Bergen. Å utvikla Rong som kommunesenter og Tjeldstø som lokalsenter til attraktive bu- og arbeidsmiljø med unike kvalitetar, vil vera svært viktig for kommunen i samband med å trekkja til seg kompetent arbeidskraft.

Slik utviklinga har vore dei siste åra, er det naturleg at Rong er blitt kommunesenter og Tjeldstø lokalsenter. Gjennom "Områdeplan for Tjeldstø" skal kommunen sikra utviklinga av staden som lokalsenter for denne delen av kommunen. Det er viktig at vidare utbygging tek omsyn til natur-, kultur- og miljøinteresser samt born og unge sine interesser i nærmiljøet. Det vert samstundes ei utfordring for kommunen å gje lokalsamfunna ei betre fysisk utforming og struktur som tek vare på den historiske identiteten og dei estetiske kvalitetane. Det vert synt til kommunedelplan Rongøy der tettstad- og senterutviklinga på Rong er eit tema, samt barnetråkkregistreringa i 2011.



*Rongøy og Blomøy*

### 11.3.7 Offentlege kaiar

Det er 27 kaiar der kommunen, andre offentlege etatar (Hamnevesenet, Kystverket), eller private saman med ein av desse, eig kaiane. Det er kaiar i alle krinsar frå Toftøy til Hernar. Det er uklære eigedomstilhøve til tilkomstveggar og grunneigedomar kaiane ligg på. Det trengs vidare utgreiingar for å fastslå eigedomsgrenser og kva som skal sikrast av kommunale interesser for gje tilgang og allmenn bruksrett til aktuelle kaiar. Det vert synt til dokumentet "Kaiar i Øygarden - 2010".

### 11.3.8 Avlaupsnett

Til liks med ei sikker vassforsyning, er eit velfungerande avlaupsnett avgjerande for utviklinga av kommunen både når det gjeld busetnad og næringsliv. Det er viktig å sikra miljøvennleg utbygging av avlaupsnett i kommunen.

Øygarden kommune har i dei siste åra bygd ut avlaupsanlegg i fleire bygder, men det er framleis stor trong for å betra kloakktilhøva rundt om i kommunen. I mange bygder går kloakken i veiter, og gjerne med endepunkt i strandsona. Ein del av dei mindre vassdraga samt innelukka sjøområde er såleis forureina av kloakk. Det er utarbeidd ny kommunedelplan for avlaup. Kommunestyret har i sak KS. 85/13 gjort endeleg vedtak. Gjennomføringa av planen er lagt inn som tiltak i handlingsprogrammet. Utbygging av offentlig infrastruktur, til dømes avlaupsnett, er viktig for vidare utvikling i bygdene. Opprydding i utilfredsstillande kloakktilhøve vert som hovudregel løyst med å byggja ut leidningsnett og felles slamavskiljar, for så å leia vatnet til utslepp i sjøområde med tilstrekkeleg djupne og gode straumtilhøve.

Gjennom "Forskrift om utslipp frå mindre avløpsanlegg" har Øygarden kommune sjølv mynde over alle utslepp i kommunen. Med heimel i denne kan kommunen vedta lokal forskrift for bruk av separate avlaupsanlegg.

Forskrifta kan regulera tekniske løysingar for utslepp frå enkelthus. Jordsmonnet i Øygarden er grunt og ikkje eigna for filtrering. Bekkar og vassdrag har lita vassføring og er særskild var for forureining. Ferskvassressursane i Øygarden må vernast mot forureining, og det er difor eit generelt forbod mot utslepp av kloakk til ferskvatn.

Ein del innelukka sjøområde har dårleg vassutskifting og er av den grunn sårbare mot utslepp av kloakk. For desse områda bør ein difor setja strengare reinsekra. Innsamling av kommunalt kloakkslam frå kommunale og private slamavskiljarar skjer etter ei fast ordning med leveranse til Eide deponi og gjenvinning i Fjell kommune. Kommunestyret har i budsjettvedtaket for 2014 (11.12.13) bestemt at det skal greiast ut om VAR-tenesta (Vatn-Avlaup-Renovasjon) i kommunen kan organisert som eit kommunalt aksjeselskap.

### 11.3.9 Vassforsyning

Ei tilstrekkeleg vassforsyning er eit svært viktig element i den lokale infrastrukturen. Ei god og sikker vassforsyning vedkjem alle i kommunen. Vatnet må vera reint. Vasskvalitet og trygg vassforsyning har såleis avgjerande betydning for folkehelsa, miljøet, utvikling av næringslivet og samfunnstryggleiken. Vassforsyninga i Øygarden er i all hovudsak basert på kommunale vassverk. Kommunestyret har i sak KS.85/13 vedteke ny kommunedelplan for vassforsyning. Gjennomføringa av planen er lagt inn som tiltak i handlingsprogrammet. Det er framlegg om store utbyggingar med tilhøyrande kostnader for dei komande åra. Dei kommunale vassverka vart godkjent av kommunestyret 13.12.00. Over 90 % av innbyggjarane i Øygarden kommune er tilknytt eit av dei fire kommunale vassverka:

| <u>Vassverk</u> | <u>Vasskjelde</u>                           |
|-----------------|---------------------------------------------|
| Bakken          | Hjelmevatnet                                |
| Alvheim         | Storavatnet (nyopna i 2009)                 |
| Blomvåg         | Steinsvatnet og Stølevatnet (reservekjelde) |
| Toftøy          | Stegeviksvatnet (stengd 2011)               |

I samband med aktivitetar innan industri og havbruk har det vorte sterk etterspurnad etter ferskvatn. Difor er det viktig å sikra vasskjeldene. Desse har nok kapasitet til forbruket i dag, men Steinsvatnet, Stølevatnet og Stegeviksvatnet har alle liten reserve for framtidig auke i vassforbruket. Sidan 2011 har Stegeviksvatnet vore stengd som drikkevasskjelde grunna grønalger, etter å ha vore i drift sidan 2000. Hjelmevatn og Storavatnet har svært god reservekapasitet, og er klausulert (bandlagt) for vassforsyning. Steinsvatnet er og klausulert. Klausuleringa må fullførast for

Stølevatn og Stegeviksvatn. Pr november 2013 er det berre Blomvåg vassverk som leverer vatn til søre del av Øygarden.

Kvaliteten på dette leidningsnettet er variabelt, og i fleire område er det stor trong for utbetring. Ein har dårlege trykktilhøve i delar av Rong; Toftøy og i Hellesøyområdet. Dei planlagte leidningane over Ulvsundet og Rongesundet vart utbygt i 2010 /2011 for å trygga forsyninga. Når ein i tillegg får lagt vassleidning over Senosen vil det vera samanhengande vassleidning frå Hernar i nord til kommunegrensa mot Fjell i sør. Dette vil vesentleg betra tryggleiken i vassforsyninga. Kommunestyret har 11.12.13 vedteke å framskunda utbygginga av leidninga frå Alvheim vassverk som vert knytt til vassverka sør om Straumsundet. Dette er planlagt gjennomført i 2014. I tillegg vert det bygd reinseanlegg ved Blomvåg vassverk. Kalking er tiltak som på kort sikt kan justera opp pH-verdien. Randsoner og kantområde ved vassdrag og bekkar er spesielt artsrike og må difor takast godt vare på.

Kommunestyret har i budsjettvedtaket for 2014 (11.12.13) bestemt at det skal greiast ut om VAR-tenesta (Vatn-Avlaup-Renovasjon) i kommunen kan organisert som eit kommunalt aksjeselskap.



Skarv med Blomgangstø

### 11.3.10 Lokal byggeskikk og estetikk

Kommunen har over fleire år arbeidd med ein rettleiar for estetikk og byggeskikk. Retningslinene tek føre seg kva som er god byggeskikk innan felte: bustadar, garasje, naust, hytte, næring/industri, offentlege bygg og skilting. Retningslinene peikar på utfordringane, kvalitetskrava, vurderingskriterium, dokumentasjonskrav og stadanalyse innan kvart felt. Retningslinene skal syta for god tilpassing mellom nyetablering og eksisterande natur- og kulturmiljø. Det løner seg å satsa på god byggeskikk som kan vera eit viktig ledd i distrikts- og næringsutviklinga. Vakre omgjevnader kan skapa trivsel og kjensle av lokal identitet og dermed auka livskvalitet.



*Rongesundet bru*

### 11.3.11 Kommunikasjon og samferdsle

Det viktigaste tiltaket med størst innverknad for kommunen, er eit nytt sotrasamband til Bergen. Vegvesenet har ansvaret for strategi- og traseval. Eit nytt samband vil tidlegast verta ferdig omkring 2020 -22. Med ein veksande befolkning, bør regionen arbeida aktivt for å få til strakstiltak som kan bøta på den pressa trafikksituasjonen, spesielt om morgonen og ettermiddagen.

Det må etablerast eit samarbeid med Hordaland fylkeskommune og Statens Vegvesen for å planleggja ny fylkesveg Blom-Dalsmarka. Det skal arbeidast vidare med å få vegstrekninga Nautnes-Hellesøy inn på Hordaland fylkeskommune sine prioriteringslister. Det må etablerast eit samarbeid med Hordaland fylkeskommune og Statens Vegvesen for å sikra finansiering og lysregulering på Nautnes Bru.

Kommunen har også ansvaret for ei rekkje kommunale vegar, gang- og sykkelstiar. Det er viktig å sikra midlar til vedlikehald og tilsyn. Eit av tiltaka som er tilrådd i dette plandokumentet, er å etablere hotell med tilhørande anlegg. (Svaneneset ved Breivik), der eit sentralt spørsmål er tilkomstveg. All ny etablering må vurderast ut frå rammeplan for avkjørsler. Dette gjeld også etablering av gang- og sykkelvegar. Mange opplever det kollektive rutetilbodet både internt og eksternt (Bergen) som ikkje fullt tilfredsstillande. Kommunen må arbeida aktivt mot busselskap og konsesjonsstyresmakter for å styrkja og utvikla kollektivtilbodet til innbyggjarane. Samferdselstema vert også nærare omtala i arealdelen.

## 12. Klima og miljø

### 12.1 MÅL

Gjennom heilskapleg planlegging og arealforvaltning skal kommunen fremja økologisk og berekraftig forsvarleg bruk av areal og naturressursar, og ta vare på det biologiske mangfaldet, kulturminna og dei særskilde verdiane i kyst- og vassmiljøa.

### 12.2 STRATEGIAR

- Sikra natur- kulturverdiane som varig kjelde for helse, trivsel og nærings- verksemd
- Byggja ut med energiokonomiske rette løysingar
- Omsyn til naturen si toleevne skal leggja til grunn for all planlegging.
- Kunnskapsnivået om økologisk viktige område og naturen si toleevne skal aukast. Især skal det takast omsyn til dette gjennom arbeid i barnehagar og skuleverket.
- Større urørte område, økologisk viktige område og område av verdi for friluftslivet skal vernast mot utbyggingstiltak.
- Øygarden kommune skal leggja tilhøva til rette for å redusera energiforbruk og stimulera til auka bruk av fornybare / mindre forureinande energikjelder.
- Øygarden kommune skal stimulera tiltak som er med på å halda lyngheiane opne. Dette skal ivaretakast i gjeldande landbruksplan
- Sikra ei miljøvennleg og samfunns- økonomisk forsvarleg avfallshandtering
- Avfallshandsaminga skal baserast på kjeldesortering, gjenvinning og forsvarleg slutthandsaming av restavfallet.

### 12.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING

Øygarden kommune har sårbar natur med lyngheiar og kystlandskap. Kommunen har ein høg utbyggingsgrad (over 13 %) av vårt samla areal til industri og næringsføremål. Samstundes er me ein av dei tettast befolka kommunane i Hordaland med over 65 innbyggjarar pr. kvadratkilometer. Friluftsansområda er sett under press.

At kommunen også er vertskap for store energiprodusentar (Kollsnes / Sture), gjer vår situasjonen spesiell. Difor er det viktig å sikra framtidige område som ikkje vert utbygd. Arealdelen i kommuneplanen vil omtala dette nærare.

### 12.3.1 Energi- og klimaplan

Øygarden kommune ønskjer å vera ein miljøkommune. I kommunen sin Energi- og Klimaplan er det vedteke mål og tiltak innan desse fem områda:

- Energieffektivisering
- Energikonvertering
- Reduksjon av klimagassutslepp
- Administrative / organisatoriske mål /tiltak
- Generelle miljømål og miljøtiltak

Planen er vedteken av Øygarden kommunestyre 10.11.10 sak KS. 63/10. Mål og tiltak skal leggjast til grunn som kommunen sin energi- og klimapolitikk i planperioden. For å realisera planen, kan samhandling med næringslivet gje viktige bidrag.

### 12.3.2 Avfall og attvinning

Den overordna målsetjinga i den nasjonale avfallspolitikken, er at avfallsproblemet skal løysast slik at det vert til minst mogleg skade og ulempe for menneske og naturmiljø. På same tid som avfallet og handsaminga av dette skal ta minst mogleg av samfunnet sine ressursar. Den nasjonale strategien for avfallshandsaminga går fram av St.meld nr. 24 (2000-2001). For å få bukt med forureining og sløsing med ressursar har styresmaktene sett strenge krav til avfallsdeponi. Kravet er at 50 % av avfallet skal gå til gjenvinning og at 80 % av matavfallet skal vere sortert ut før det kan leverast til deponi. For å klare dette innførte Øygarden kommune i 1998 eit system med tre avfallsbeholdarar, der abonnentane sorterar papp/papir, matavfall og restavfall. Det er om lag 50 % som heimekomposterer i Øygarden kommune i 2010, mot 80% rett etter tusenårsskiftet.



*Villsauen har funne seg til rette også i Øygarden.*

Glas- og metallemballasje, papir / papp og spesialavfall får ein levert ved miljøstasjonane. For dagsreisande og hyttefolk er det sett ut eigne hyttecontainerar. Innsamling av plast i sekk levert med papiravfallet vart innført

hausten 2009. Me må framover arbeida for å nå dei nasjonale måla for avfallshandsaming jmf Stortings-melding nr 24 (2000-2001): auke avfall til gjenvinning, redusera avfallsmengd til deponi samt auka innsamling av spesialavfall.



*Inspeksjon av avfallskontainer*

Kommunestyret har i budsjettvedtaket for 2014 (11.12.13) bestemt at det skal greiast ut om VAR-tenesta (Vatn-Avlauf-Renovasjon) i kommunen kan organisert som eit kommunalt aksjeselskap.

### 12.3.3 Strandsone og urørte område

Ordninga med funksjonell strandline har fungert tilfredsstillande. Det er erfart at lina ikkje alltid er innteikna i kart der den logiske grensa går i terrenget. Den funksjonelle strandlina er no gjennomgått på nytt. Byggjegrænse mot sjø er sikra. Øygarden kommune har eit stort press på å byggja ut areal. Like viktig som å definera kvar utbygging kan skje, er det å leggja føringar for kvar ein ikkje kan byggja. Dette gjeld særleg område av ein viss storleik som er viktige for landbruk, naturinteresser og friluftsliv.

Rapportar frå granskingar av plante- og dyreliv i Øygarden slår fast at fleire økologisk viktige område har regional og lokal verneverdi. Det er eit kommunalt ansvar å ta vare på og forvalta desse ressursane til felles beste, og med tanke på framtidige generasjonar. Verneområdet Tjeldstømarka er viktig både for naturmiljø og eit rikt fugleliv. Kvar hovudøy har minst eit område som skal reknast som urørt. I denne samanhengen tenkjer ein ikkje berre kortsiktig; men område som og om 100 år bør vera urørt av tekniske inngrep. Desse områda er nærare omtala i kartverk i arealdelen.

## 13. Næringsliv og sysselsetting

### 3.1 MÅL

Øygarden kommune skal utvikla seg til å bli ein næringsvennleg kommune ved å skapa varige arbeidsplassar, eit variert berekraftig næringsliv og høg buattraktivitet.

### 13.2 STRATEGIAR

- Kommunen skal styrkja næringsattraktiviteten
- Kommunen skal styrkja bulysta
- Kommunen skal forbetra samferdsel, infrastruktur og kommunikasjonar
- Kommunen skal utvikla Øygarden sine fortrinn gjennom offensivt regionalt samarbeid
- Kommunen skal styrkja fokus på kompetanse, kunnskap og utdanning
- Kommunen vil nytta "Gode Sirklar" som samarbeidspartnar og pådrivar i utviklinga av nærings- og reiselivet i kommunen
- Kommunen vil utarbeida "Strategisk Næringsplan" i planperioden med "Gode Sirklar" som plansekretariat
- Kommunen skal ha gode og opne formelle kommunikasjonskanalar til leiinga i lokalt næringsliv, deira organisasjonar samt olje- og gassverksemdene i kommunen som me er vertskap for
- Kommunen vil bidra til at fiskeri- og oppdrettsnæringa vert sikra gode rammevilkår for vidare drift og utvikling av næringane
- Det skal leggjast til rette for grunderverksemdar og innovasjon
- Arbeida for etableringar innanfor gassrelatert industri, fornybar energi, marin industri, alternative energikjelder, reiseliv, og offentlege arbeidsplassar i kommunen og regionen
- Kommunen skal arbeida for å få etablert apotek og vinmonopolutsal i kommunesenteret for å styrkja handelsstaden
- Kommunen skal arbeida for at befolkninga har eit utdanningsnivå og ein yrkeskompetanse som kan møte framtida sine utfordringar og næringslivet sin etterspurnad



### 13.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING

#### 13.3.1 Sysselsetting

Utviklinga innan næring og sysselsetjing viser same tendens som i tidlegare: Primærnæringane (fiske, fangst, jordbruk) går tilbake, og har gjort det sidan 1970. Medan sekundær- (anleggs- og industriverksemd) og tertiærnæringane (handel, hotell, bank og private- og offentlege tenester) har framgang.

#### 13.3.2 Næring og Industri

Øygarden kommune har tre store industriområde som samla utgjør 13% av landarealet. Sture og Kollsnes er prosessanlegg (hhv olje- og gass). Naturgassparken Vest ønskjer i utgangspunktet etablering av gassbasert industri.

Industriverksemdene på Kollsnes og Sture har vore og er dei største private arbeidsplassane i kommunen. Kommunen ønskjer å halda god kontakt med desse verksemdene for å sikra informasjonsflyt med fokus på godt naboskap, samfunnstryggleik, miljø og utvikling. Stureanlegget er sikra drift i mange år framover. Dersom det vert aktuelt med ytterlegare utbygging som følgje av ilandføring / utskipping av olje, må kommunen sikra tilstrekkeleg utbyggingsareal. Sture og Kollsnes er prosessanlegg medan Naturgassparken Vest er utgangspunktet for etableringar innan gassbasert industri. I aukande grad også industribasert på fornybare energikjelder, spesielt vindmøller til havs. Det kan bli behov for å utvida areal i Naturgassparken Vest ved fylling i Ljøssundet. Kommunen har ei positiv haldning til å gjennomføra naudsynte reguleringsendringar som sikrar god arealutnytting for industrietableringar.

Øygarden har elles eit mangfaldig lokalt næringsliv med mindre og større aktørar som er svært viktige for sysselsettinga. God kontakt, dialog og oppfølging av desse bedriftene er svært viktig. Kommunen ønskjer fleire nye



verksemder velkomne og vil stimulera og leggja til rette for at rammevilkåra skal vera gode. I Naturgasseparken Vest er det lagt til rette for å etablere ulike industri. I 2010 er det inngått samarbeid med CCB Ågotnes der næringsparken i framtida kan bli basestasjon for utskiping av vindmøller. Kommunen vil gjennom "Gode Sirklar" syta for å utarbeida ein oppdatert og framtidsretta "Strategisk Næringsplan". Konkret omtale av areal til industri og næringsverksemd står i arealdelen.

Kommunestyret har i sak KS. 94/13 frå møte 11.12.13 vedteke sluttrapporten om «Strategisk analyse» om satsing på næringsutvikling. Gjennomføringa av tiltaka er sett opp som eige punkt i handlingsdelen i dette dokumentet (kap 16).

### 13.3.3 Fiskeri

Kystfiske har vore ei tradisjonell næring i Øygarden, men det har vore samanhengande markant nedgang i antal yrkesfiskarar som er heimhøyrande i kommunen sidan 70-talet. I 1994 hadde me 116 fiskarar registrert, der 57 av desse var yrkesfiskarar medan resten kombinerte fiske med anna yrke/pensjon. Omlag ti år seinare (2003) var yrkesgruppa halvert. Fiskermanntalet for 2009 syner 25 yrkesfiskarar og 5 som har det som biyrke. Forklaringane kan vera at kommunen ikkje har noko fiskemottak. Eit redusert ressursgrunnlag gjev og dårlegare rammevilkår for fiskeria.



I Øygarden er det registrert kaste- og låssetjingsplassar, gyte- og oppvekstområde for marine artar, trålefeldt for reke og lakseplassar (knytt til grunneigarar) i heile kommunen. (Sjå temakart i arealdelen.). Fiskeri som ei viktig lokal hovudnæring synes å vera på hell. Men me må ikkje gløyma at hobbyfiske som "matauk" og oppleving, både for innbyggjarar og tilreisande, er ein svært viktig premis både for etablerte reiselivsverksemdar sin eksistens og for livskvaliteten til mange som brukar sjøareal i kommunen.

### 3.3.4 Akvakultur og fiskeoppdrett



Akvakultur og tilknytt verksemd er eit naturleg satsingsområde i kommunen. Gjennom ein lengre periode har oppdrett av (hovudsakleg) laks blitt ei viktig næring. Det ligg godt til rette for oppdrettsverksemd fordi kommunen har store sjøområde og gode straumtilhøve. Konsesjonar for matfiskproduksjon har stort sett vore uendra åra fram mot 2010. Fleire kamskjelkonsesjonar er opphøyrd. Utviklinga har gått i retning av færre eigarar og større anlegg / lokalitetar. I Øygarden har det og vore prosjekt innan yngelproduksjon av marine artar og skjel. Universitetet i Bergen er ansvarleg for forskning og utvikling ved klekkeriet av kamskjelyngel på Rong.

Øygarden kommune vil leggja tilhøva til rette for å utvikla næringa. Samstundes må det stillast strenge miljøkrav i tråd med ny lovgjeving, forskning og kunnskap knytt til miljøskadelege utslepp når konsesjonar og lokaliseringar vert bestemt (av staten). Kommunen gjev berre uttale i slike saker. Sjå elles arealdelen.

### 13.3.5 Landbruk

Landbruket har hatt same utviklinga som for resten av Vestlandet. Det er færre bruk i drift, og driftseiningane vert større fordi færre bønder haustar omlag det same arealet som for 10 år sidan. Dei siste åra har villsauholdet ført til at utmarksareal igjen vert teken i bruk til beite. Dette er positivt for å oppretthalda eit ope kulturlandskap i ei tid der kystlyngheiene er truga av attgroing.

Sjølv om landbruksnæringa ikkje er den økonomisk viktigaste for kommunen, har næringa stor betydning for tradisjonsbering, landskapspleie, trivsel og rekreasjonsskjelde /naturkontakt for gardbrukarar og andre som er busette i kommunen. Kommunen ønskjer difor å tenkja langsiktig ved å vera restriktiv når det gjeld nedbygging av dyrka mark sjølv om jorda i periodar ikkje er i drift. Landbruksplanen for

kommunen fastset mål og tiltak som skal gjelda for perioden. Dette er eit felles samarbeidsprosjekt med grannekommunane Fjell og Sund. Hovudtema er næringsutvikling, kulturlandskap, samarbeid i næringa og tiltaksplan. Planen er eit verkty for å sikra eit lokalt landbruk på lang sikt med bakgrunn i nasjonal strategi og regional satsing. Det er sentralt i planen å leggja til rette for utvikling på det einsskilte gardsbruk. Planen er vedteken i kommunestyret 10.11.10 sak KS.62/10.

### 13.3.6 Varehandel

Utviklinga i varehandelen har vore prega av endra kommunikasjon. Varehandelen er no konsentrert kring senterområda Tjeldstø og Rong. Dei store kjøpesentra utanfor kommunen trekkjer mange folk frå Øygarden til seg. Øygarden kommune er ein av dei sju kommunane i fylket med mest handelslekkasje. Nye Rong Senter vart ferdigstilt på tampen av 2009. Nye butikkar og plassering av offentlege tenester i senteret (bibliotek, NAV, kyrkjekontor), har styrka handelsnæringa og kan demma opp for handelslekkasje. Kommunestyret har i møte 08.12.10 sak KS.71/10 opna for at det kan etablerast vinmonopolutsal i kommunen. Kommuneplanen vil opna for at området sør om KIWI-butikken på Sæle kan takast i bruk til næringsføremål som varehandel m.v. Tema vert nærare omtala i arealdelen.

### 13.3.7 Reiseliv og turisme

Øygarden har natur- og kulturressursar som gjer området til eit attraktivt reisemål, spesielt om sommaren, men også vinterstid. Aktørar innan reiseliv, overnatting og opplevingar er viktige for sysselsetjinga og verdiskapinga i Øygarden. Kommunen har derfor valt å gje denne næringa merksemd. På tross av det gode ressursgrunnlaget har Øygarden for dårleg tilbod innan hotellovernatting og matservering.

Ei viktig årsak til dette er mangel på ein heilskapleg organiserings- og utviklingsstrategi for reiselivet i kommunen. Kommunen starta opp arbeid knytt til reiseliv i 2008 gjennom eit sommarmagasin. Dette har vore ein døroppnar når det gjeld distribusjon og marknadsføring ut over kommunen sine grenser. Øygarden kommune er og aktivt med i destinasjonsportalen for reiselivet i regionen vår, "Kysteventyret". Av våre grannekommunar, har Øygarden komen lengst i satsinga på reiseliv. Det er eit ønske om å styrka tilbodet om overnatting i kommunen. Bakgrunnen for dette er auka satsing på turisme og forventning frå kundar om kvalitet, oppleving og rekreasjon.



Planane om hotell på Svanneset i Breivik synest å innfri dei strenge krava som reiselivet stiller. Gjennom politisk handsaming har Øygarden kommune stilt seg positiv til prosjektet, som er nyskapande og kan gje reiselivet i kommunen fleire bein å stå på. Vidare kan prosjektet utvikla kommunen som merkevare for naturopplevingar knytt til sjøen og havet. Kommunen bør støtta planane for dette prosjektet. Det same gjeld planane for utvidinga av Blomvågen Fjordhotell på den eigedomen det no står. Hotellkonseptet har ulike målgrupper. I 2010 er det opna eit visningsanlegg for akvakultur ved Kystmuseet. Gjennom samarbeid mellom kommunen, Kystmuseet og lokal oppdrettar, vil dette og kunne vere med å fokusera på Øygarden som reisemål, både fagleg og for den "vanlege" turisten.

Kombinasjonen av dei tre elementa Mat – Oppleving – Aktivitet (MOA) er viktig for heilskapen når det gjeld tema om reiseliv og turisme, desse tre bør vere knytt saman, men kan og operera fritt. Dette bør vera sentrale element i strategien som kommunen vel å satsa mot innan reiseliv/turisme. Kommunal planlegging og tilrettelegging må sikra areal for framtidig utvikling av reiselivet i kommunen. Strategiane skal innrettast på å vidareutvikla samspelet mellom Bergen og opplevingsmoglegheiter frå kyst, til fjord og fjell. Kortferiar blir ein nøkkel for sesongutvikling.

## 14. Kompetanse

### 14.1 MÅL

**Øygardsamfunnet må sikra at befolkninga har eit utdanningsnivå og ein yrkeskompetanse som kan møte framtida sine utfordringar og næringslivet sin etterspurnad. Kommunen vil stimulera til at ein større andel av innbyggjarane tek høgare utdanning.**

## 14.2 STRATEGIAR

- Arbeida for å auka tilgangen på høgare utdanning i regionen
- Arbeida for å auka breidda i det vidaregåande skuletilbodet i regionen
- Arbeida for å sikra god kvalitet i barnehage og grunnskule for å leggja eit best mogeleg grunnlag for vidare opplæring / utdanning
- Arbeida haldningsskapande i heile lokal-samfunnet for å vekkja interesse og gje status til kompetanse både blant born, ungdom og vaksne
- Fokus på og prioritering av etter- og vidareutdanning
- Interkommunalt samarbeid på regionnivå og samarbeid med næringslivet
- I samarbeid med næringslivet utvikla strategi for å rekruttera og halda på høg/relevant kompetanse og utvikla samarbeidet mellom næringsliv og skule
- Omdøme og rekruttering heng nært saman og omdømebygging må prioriterast
- Kommunen nyttar "Gode Sirklar" og "Regionrådet Vest" som arenaer og verktøy for kompetanseutvikling

## 14.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING

God kvalitet på opplæringa i skular og barnehagar, er særst viktig for å gje elevane best mogleg grunnlag for vidare opplæring og framtidig utdanning. Øygarden kommune vil vektleggja ein kunnskapsskule som ivaretek dette perspektivet og stimulerer borna /ungdomen til vidaregåande og høgare utdanning/yrkesopplæring.



For å konkurrera om arbeidsplassar blir det stadig viktigare med høgare formell utdanning. Det er framleis vanleg at Øygarden kommune må «henta» arbeidstakarar frå grannekommunane til ledige stillingar som krev

høgare formell utdanning. Høg kompetanse i befolkninga er ofte vurdert som ein av dei viktigaste føresetnadane for ei positiv utvikling av lokalsamfunnet. Av andelen innbyggjarar målt etter utdanning på universitets- og høgskulenivå i 2008, låg Øygarden på 13,2 % som er lågast i Hordaland. Bergen ligg høgast med 34,1 %. Grannekommunane Fjell 21,2 % og Sund 16,2 % (Kjelde: SSB).

Det å halda på høg arbeidskraft i kommunen og det å kunna rekruttera slik arbeidskraft hit i framtida, er ei utfordring som må løysast dersom regionen og kommunen skal utvikla seg vidare. Samarbeid mellom skule og næringsliv er ein viktig faktor. Å leggja ein felles strategi for å rekruttera og busetja slik arbeidskraft, og samarbeida om å gjennomføra denne strategien, bør vera eit viktig regionalt prosjekt for private og offentlege aktørar. Dette kan vera eit prosjekt for Regionrådet Vest / Gode Sirklar .

Som arbeidsgjevar skal Øygarden kommune leggja tilhøva til rette for at tilsette tileignar seg den kompetansen som er nødvendig for å gje best moglege tenester. Dette for å få ein utviklingsorientert og endringsvillig organisasjon. Kompetanseheving er også eit tiltak for å styrka trivsel og personleg utvikling for dei tilsette. Sjå også "Øygarden kommune som arbeidsgjevar" under punkt 6.3.3.

## 15. Kommunal planstrategi

### 15.1 MÅL

Kommunal planlegging skal vera ein integrert del av den politiske og administrative styringa av kommunen. Planarbeidet skal leggja opp til medverknad og bidra til å styrka lokaldemokratiet.

### 15.2 STRATEGIAR

- Øygarden kommune skal ha eit integrert plansystem forankra i kommuneplanen. Visjonar og mål fastsett i kommuneplanen skal ivaretakast i anna planarbeid
- Sektorplanar og tematiske planar omtala nedanfor skal ha prioritet
- Mål og aktivitet for medverknad skal visast i alle planprogram
- Område som beredskap, samfunns-tryggleik, folkehelse, økonomi og miljø skal ivaretakast i all kommuneplanlegging
- Prioritering mellom planlagte aktivitetar og tiltak skjer gjennom økonomiplanen

### 15.3 NOSITUASJON OG UTVIKLING

Planlegging på ulike nivå er ein viktig føresetnad for styring av ein så komplisert organisasjon som ein kommune. Vedtekne planar er viktige reiskapar for å visa kva retning me ønskjer å styra utviklinga, og for prioritering. Planar er viktige dokument for å kommunisera målsettingar og prioriteringar inn i kommuneorganisasjonen, ut til lokalsamfunnet og andre aktørar.

Kommunen skal ha ei aktiv haldning til brukarmedverknad i planprosessen. Korleis dette skal gjennomførast i praksis for den einskilde plan må visast i planprogrammet der slikt skal utarbeidast, eller på annan måte dokumenterast før planarbeidet startar opp. For ein kommune som Øygarden, med avgrensa ressursar til å driva planlegging, er det viktig å etablera eit plansystem som kan haldast ved like med dei ressursane kommunen rår over.

Planar må ha ei form som gjer dei lette å rullera og halda oppdatert. Skal planarbeid forsvare ressursbruken, må planane haldast "i live" og bli aktivt nytta. Dei må ta utgangspunkt i kommunale behov, også i situasjonar der planarbeidet vert gjort etter pålegg eller ønskje frå statlege organ.

Kva ein skal prioritera av planarbeid framover er avhengig av:

- Kva utfordringar har kommunen dei neste åra?
- Kva planar må me oppdatera?
- Er det viktige område som i dag ikkje har planar?



#### 15.3.1 Kommunal planstrategi 2012-2016

Det vert synt til kommunestyresak KS.99/12 frå møte 12.12.12 der desse planane vart vedtekne utarbeida i kommunestyreperioden:

- Kulturminneplan
- Planar for område oppvekst og omsorg, eventuelt utarbeidd som ein felles plan for området "Levekår"
- Bustadsosial Handlingsplan (revisjon)
- Strategisk næringsplan
- Områdeplanar Toftøy, Kjøpmannsvågen, Sauøy, Nautnes/Nordvik, Blom-Dalemarka.
- Temaplan kommunale vegar
- Kommunedelplan Rong inkl. sentrumsplan
- Kompetanseplan
- Overordna ROS-analyse

Planprosess for utarbeiding av ny vegtrase for fylkesveg aust for Dale bru vil bli utarbeida som kommunedelplan med etterfølgjande reguleringsplan.

#### 15.3.2 Retningslinjer for kommunalt planarbeid

Kommunen kan gjennom planstrategien nedfella felles prinsipp for korleis planarbeidet skal gjennomførast. Døme på dette er:

- Organisering av planarbeidet og planprosessar, medverknad
- Utforming av sjølvje plandokumentet
- Oppfølging og rulling av planen

Hovudprinsipp for arbeid med medverknad på ulike nivå i planprosessane er omtala nedanfor. Dei andre punkta skal omtalast i planprogrammet for den enkelte planoppgåva. Etter at arbeidet med ein plan er gjennomført, skal ein systematisk evaluera røynslene frå planprosessen og gjera dei tilgjengelege.

*" Livet er det som skjer mens du planlegg  
noko anna."*

*John Lennon*

#### 15.3.3 Medverknad

Skal ein arbeida i tråd med kommunen sin visjon og kommunen sitt verdigrunnlag, er medverknad ein føresetnad. Me trur at samarbeid med innbyggjarar, lag, frivillige organisasjonar og verksemdar gjev planarbeidet auka kvalitet, auka breidde og auka legitimitet.

Aktiv medverknad er ein viktig faktor i å oppretthalda demokratiet og eit levande lokalt sjølvstyre. I alle større plan- og utviklingsprosjekt skal det leggjast opp til aktiv deltaking.

Korleis medverknad skal organiserast, skal vera omtala i alle planprogram. Der det ligg til rette, skal medverknad ha form av aktiv samhandling med interessentar, lag, organisasjonar og foreiningar. Me skal vera spesielt merksame på å leggja til rette for deltaking frå barn og unge.

*"Den snur seg ikkje som har  
blikket retta mot stjernene."  
Leonardo da Vinci*



### **Handlingsprogrammet – ei rettleiing**

Det vert synt til kapittel 16 "Handlingsprogram" frå side 45 - 48. Nokre forklaringar

trengst. Her er dei viktigaste aktivitetane lista opp. Nummerrekkefølgja syner ikkje prioritet, men er meint som eit referansenummer. Det er ikkje sett opp budsjettsummar korkje til drift eller investeringar, då det er kommunestyret som vedtek dette under kvar budsjett-handsaming av årsbudsjett og økonomiplan.

Det kan også vera andre handlingar og tiltak som kan springa ut av kommuneplanen sine intensjonar og strategiar som ikkje er nemnde i handlingsprogrammet. Det vert synt både til planar som er vedtekne og planar som skal lagast. Dei vedtekne planane som t.d. "Energi og Klimaplan" og "Landbruksplan" skal gjennomførast og vera kommunen sin politikk på desse fagfelta. Alle mål, strategiar og intensjonar som ein finn i kommuneplanen sin samfunnsdel (dette dokumentet) skal vera styr-

ande og gje retning til dei planar som skal utarbeidast i planperioden som t.d. "Levekårsplan", "Kulturminneplan", "Strategisk Næringsplan" m.fl. Handlingsprogrammet er sett opp i tabell med referanse til omtale av tiltaket / aktiviteten / handlinga i planen. Tabellen syner eit fireårsperspektiv – som er kommunestyreperioden. Planen reknar 2014 som "År 1". Det er gitt relevante merknader til tiltaka under kvart år. I handlingsprogrammet er tiltaka delt inn i tre bolkar: plantiltak,

driftstiltak og investeringar. Som det går fram av handlingsprogrammet, er det lagt opp til mange planprosessar som skal resultera i konkrete tiltak. Dei årlege rulleringane av kommuneplanen sin samfunnsdel, må ta inn over seg at nye tiltak og handlingar vert "utløynt" av nye planar når desse er utarbeidde og vedtekne av kommunestyret.



«Nothengjo» - Hellsøy

## 16. Handlingsprogram

### Plantiltak

| NR | TILTAK                                       | NÆRARE OM TILTAKET                                                                                                                                                                                                                | OMTALA<br>PÅ SIDE.. I<br>K-PLANEN                     | 2014<br>Merknad               | 2015<br>Merknad                                | 2016<br>Merknad                                | 2017<br>Merknad                                | 2018-<br>2022 |
|----|----------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------|-------------------------------|------------------------------------------------|------------------------------------------------|------------------------------------------------|---------------|
| 1  | <b>Kulturminneplan</b>                       | Gjennom mange arkeologiske utgravingar er det oppdaga og avdekka mange kultur- og fornminne. Desse treng systematiserast gjennom ein kulturminneplan. KS. 89 /13.                                                                 | Side 30 i kap.9 og side 42 i kap. 15                  | Planperiode                   | Gjev prioritering- ar for Øk plan              | Gjev prioritering- ar for Øk plan              | Gjev prioritering- ar for Øk plan              |               |
| 2  | <b>Bustadsosial Handlingsplan 2009-2013.</b> | Denne planen skal under hovudrevisjon i 2014, men elles rullerast kvar år under budsjetthandsaminga.                                                                                                                              | side 42 i kap. 15                                     | Planarbeidet vert gjennomført | Første år med tiltak Øk plan                   | Gjev prioritering- ar for Øk. plan             | Gjev prioritering- ar for Øk. plan             |               |
| 3  | <b>Strategisk næringsplan</b>                | Arbeidet med å sikra og utvikla nærings- og arbeidslivet både i kommunen og regionen skal baserast på måla i kap. 5, 9, og 14. Gode Sirklar vert engasjert til å leia planprosessen.                                              | Side 39 i kap. 13 og side 43 i kap 15                 | Planarbeidet vert gjennomført | Styrande for nærings- politikken i P-perioden  | Styrande for nærings- politikken i P-perioden  | Styrande for nærings- politikken i P-perioden  |               |
| 4  | <b>Plan for levekår</b>                      | K-planen har mål om å fremja levekår, folkehelse, førebyggjing, og satsing på skule og gode oppvekstvilkår. Ein levekårsplan som ser alt dette i samanheng vil i større grad skapa rom for rette prioritering- ar og ressursbruk. | Side 22, 23 i kap 7, s.25 i kap. 8 og s. 42 i kap. 15 | Planarbeidet vert gjennomført | Styrande for levekårs- politikken i P-perioden | Styrande for levekårs- politikken i P-perioden | Styrande for levekårs- politikken i P-perioden |               |
| 5  | <b>Psykiatricplan</b>                        | Kommunestyret vedtok under budsjetthandsaminga for 2014 at det skal utarbeidast ein ny psykiatriplan                                                                                                                              |                                                       | Oppstart i 2014               | Styrande for psykiatriten- esta i period.      | Styrande for psykiatriten- esta i period.      | Styrande for psykiatriten- esta i period.      |               |

| NR | TILTAK | NÆRARE OM TILTAKET | OMTALA<br>PÅ SIDE.. I<br>K-PLANEN | 2014<br>Merknad | 2015<br>Merknad | 2016<br>Merknad | 2017<br>Merknad | 2018<br>-<br>2021 |
|----|--------|--------------------|-----------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-------------------|
|----|--------|--------------------|-----------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-------------------|

**Framhald plantiltak:**

|   |                            |                                                                                                                                                                     |                   |                                          |                                          |                                          |                                          |  |
|---|----------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------|------------------------------------------|------------------------------------------|------------------------------------------|------------------------------------------|--|
| 6 | <b>Senterutvikling</b>     | Rong er utpeika som kommunesenter og Tjeldstø som lokalsenter. Straume er regionsenteret. Stadane må vidareutviklast etter heilskapleg tenking og brukarmedverknad. | Side 34 i kap 11  | Jfr. K-del-plan Rong Områdeplan Tjeldstø | Jfr. K-del-plan Rong Områdeplan Tjeldstø | Jfr. K-del-plan Rong Områdeplan Tjeldstø | Jfr. K-del-plan Rong Områdeplan Tjeldstø |  |
| 7 | <b>Reiseliv og turisme</b> | Kommunen vil støtta opp om arbeidet med å få utvikla Svanneset Breivik som ein destinasjon for reiseliv og turisme                                                  | Side 40 i kap. 13 | Oppfølging i planutval                   | Oppfølging i planutval                   | -                                        | -                                        |  |

**Driftstiltak**

|    |                                              |                                                                                                                                                                                                             |                         |                                                               |                                                               |                                                               |                                                               |  |
|----|----------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------|---------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------|--|
| 8  | <b>Kvalitetskommunen</b>                     | Kvalitet på kommunale tenester, betre enn snittet i landet. Oppfølging med jamlege brukarundersøkingar.                                                                                                     | Side 23 i kap. 8        | Skal syna årleg målbar framgang                               | Skal syna årleg målbar framgang                               | Skal syna årleg målbar framgang                               | Skal syna årleg målbar framgang                               |  |
| 9  | <b>Frå "reparasjon" til førebygging</b>      | Kommunen skal "vri" innsatsen frå behandlingstiltak til førebygging innan områda barn/ungdom og eldreomsorg. Reguleringsplanar og arealplanar og teknisk utbygging skal tilpassast førebyggingsperspektiva. | Side 21, 22 i kap. 7    | Berande prinsipp i teneste-produksjonen                       | Berande prinsipp i teneste-produksjonen                       | Berande prinsipp i teneste-produksjonen                       | Berande prinsipp i teneste-produksjonen                       |  |
| 10 | <b>Kompetansetiltak</b>                      | Heva resultata av kunnskapstestane i grunnskulen. Sikra kommunen varig og kompetent arbeidskraft og auka kompetansen i organisasjonen.                                                                      | Side 41, 42 i kap 14    | Skal syna årleg målbar framgang                               | Skal syna årleg målbar framgang                               | Skal syna årleg målbar framgang                               | Skal syna årleg målbar framgang                               |  |
| 11 | <b>Regionalt og interkommunalt samarbeid</b> | Aktivt delta og utvikla regionalt /interkommunalt samarbeid på samferdsle, tenester, samfunns-, nærings- og arealutvikling slik at meir saman med grannekommunane får meir til enn me gjer aleine.          | Side 18 og 190 i kap. 5 | Resultat skal synleggjarast gjennom årsmeldingar og rapportar | Resultat skal synleggjarast gjennom årsmeldingar og rapportar | Resultat skal synleggjarast gjennom årsmeldingar og rapportar | Resultat skal synleggjarast gjennom årsmeldingar og rapportar |  |

| NR | TILTAK | NÆRARE OM TILTAKET | OMTALA<br>PÅ SIDE.. I<br>K-PLANEN | 2014<br>Merknad | 2015<br>Merknad | 2016<br>Merknad | 2017<br>Merknad | 2018<br>-<br>2022 |
|----|--------|--------------------|-----------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-------------------|
|----|--------|--------------------|-----------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-------------------|

## (Framhald driftstiltak)

|    |                                                              |                                                                                                                                                                                                                                         |                                      |                                |                                 |                                 |                                 |  |
|----|--------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------|--------------------------------|---------------------------------|---------------------------------|---------------------------------|--|
| 12 | <b>Vidareføring av SLT-samarbeidet</b>                       | Det kriminalitetsførebbyggjande arbeidet skal halda fram.                                                                                                                                                                               | side.21 i kap 7, side 32 i kap. 10   | Løyvingar i budsjett og øk.pl. | Løyvingar i budsjett og øk.pl.  | Løyvingar i budsjett og øk.pl.  | Løyvingar i budsjett og øk.pl.  |  |
| 13 | <b>Vidareføring av MOT-samarbeidet</b>                       | Dette er eit viktig satsingsområde i det haldningsskapande arbeidet blant born og unge. Pilotkommune i 2014 «Lokal-samfunn med MOT», dagleg leiar.                                                                                      | Side 21 i kap 7                      | Løyvingar i budsjett og øk.pl. | Løyvingar i budsjett og øk.pl.  | Løyvingar i budsjett og øk.pl.  | Løyvingar i budsjett og øk.pl.  |  |
| 14 | <b>Folkehelsearbeidet</b>                                    | Folkehelsearbeidet er ei lovpålagt oppgåve og særskilt viktig. Tiltak skal nedfellest i Plan for levekår. I hht lova skal folkehelseperspektiva / oversyn vera innarbeidd i all planlegging (også areal) og sakshandsaming i kommunen., | Side 21, 22 i kap. 7                 | Planarbeidet vert gjennomført  | Gjev prioriteringar for Øk plan | Gjev prioriteringar for Øk plan | Gjev prioriteringar for Øk plan |  |
| 15 | <b>Førebygging og samhandlingsreforma</b>                    | Øygarden har innleia eit samarbeid med Fjell og dei andre grannekommunane. Dette må forsterkast og vidareførast i planperioden. Sjå også folkehelse over.                                                                               | Side 21, 23 i kap 7                  | Løyvingar i budsjett og øk.pl. | Løyvingar i budsjett og øk.pl.  | Løyvingar i budsjett og øk.pl.  | Løyvingar i budsjett og øk.pl.  |  |
| 16 | <b>Miljø og klimamål</b>                                     | Kommunen sin vedtekne energi- og klimaplan gjev føringar for kommunen sine prioriteringar og tiltak.                                                                                                                                    | Side 37 og 38 i kap 12 Side 25 kap.8 | Løyvingar i budsjett og øk.pl. | Løyvingar i budsjett og øk.pl.  | Løyvingar i budsjett og øk.pl.  | Løyvingar i budsjett og øk.pl.  |  |
| 17 | <b>Styrking av foreldrerolla i skulen</b>                    | Foreldrerolla i skulen må styrkjast og det skal vera høg fokus på dei kommunale FAU-organa gjennom nødvendige tiltak for å styrkja deira posisjon.                                                                                      | Innspel frå KLEV i sluttbehand-linga | Løyvingar i budsjett og øk.pl. | Løyvingar i budsjett og øk.pl.  | Løyvingar i budsjett og øk.pl.  | Løyvingar i budsjett og øk.pl.  |  |
| 18 | <b>Gjennomføring av næringstiltak i «Strategisk analyse»</b> | Gjennomføra tiltakslista i for å styrkja Øygarden som ein næringsvennleg kommune KS.94/13                                                                                                                                               | Side 39 kap 13                       | Løyvingar i budsjett og øk.pl. | Løyvingar i budsjett og øk.pl.  | Løyvingar i budsjett og øk.pl.  | Løyvingar i budsjett og øk.pl.  |  |

## ØYGARDEN KOMMUNE – KOMMUNEPLAN 2014 -2022 - SAMFUNNSDELEN

| NR | TILTAK | NÆRARE OM TILTAKET | OMTALA<br>PÅ SIDE.. I<br>K-PLANEN | 2014<br>Merknad | 2015<br>Merknad | 2016<br>Merknad | 2017<br>Merknad | 2018-<br>2022 |
|----|--------|--------------------|-----------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|---------------|
|----|--------|--------------------|-----------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|---------------|

## Investeringstiltak

|    |                                            |                                                                                                                                                                                                             |                        |                                      |                                     |                                     |                    |                |
|----|--------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------|--------------------------------------|-------------------------------------|-------------------------------------|--------------------|----------------|
| 19 | <b>Ny barneskule i Nesemyra</b>            | Prosjektet er utgreidd av den faste plan- og byggjenemnda. Barneskule på Nesemyra skal erstatta skulane Alvheim og Bakken og gje eit samla skuletilbod for alle born i 1-7. klasse frå dei nordre krinsane. | Side 23 og 27 i kap. 8 | Invest. Budsjett og Øko.plan         | Invest. Budsjett og Øko.plan        | -                                   | -                  |                |
| 20 | <b>Idretts- og fleirbrukshall på Rong</b>  | Prosjektet skal utgreiast av den faste plan - og byggjenemnda. Idretts- og fleirbrukshallen skal både nyttast av ungdomskuleelevar i deira skuletid og befolkninga elles.                                   | Side 28 og 30 i kap. 9 | -                                    | Invest. Øko.plan                    | Invest. Øko.plan                    | Invest. Øko.plan   |                |
| 21 | <b>PU- og avlastingsbustadar</b>           | Prosjektet er forankra i bustadsosial handlingsplan.                                                                                                                                                        | Side 23 i kap. 8       | Invest. Budsjett og Øko.plan         | Invest. Budsjett og Øko.plan        | -                                   | -                  |                |
| 22 | <b>Gravplassar</b>                         | På sikt er det behov for utvida gravplassar ( Blomvåg og Hjelme Sokn)                                                                                                                                       | Side 29 i kap 9        | -                                    | -                                   | -                                   | -                  | Fullfør Planl. |
| 23 | <b>Opprusting av idrettsbana på Toftøy</b> | Toftøy er den folkerikaste krinsen i kommunen med mange born og unge i alle aldersgrupper. Ei opprusting av idrettsbana på Toftøy vil gje eit løft med vinstar på mange felt.                               | Side 29 i kap 9        | Fullføra planleggjinga av opprusting | Løyvingar i budsjett og økonomiplan | Løyvingar i budsjett og økonomiplan | -                  |                |
| 24 | <b>Kommunale trafikksikringstiltak</b>     | Gjennomføra tiltak på kommunale vegar i hht vedteken plan, jfr KS.83 /12                                                                                                                                    | Side 31 kap 10         | Budsjett/ Øko.plan                   | Budsjett/ Øko.plan                  | Budsjett/ Øko.plan                  | Budsjett/ Øko.plan |                |
| 25 | <b>Opprusting av vassverka</b>             | Gjennomføra opprusting av kommunale vassverk i hht vedteken plan –jfr KS. 85 /13                                                                                                                            | Side 35 kap 11         | Budsjett/ Øko.plan                   | Budsjett/ Øko.plan                  | Budsjett/ Øko.plan                  | Budsjett/ Øko.plan |                |
| 26 | <b>Opprusting av avløpsnettet</b>          | Gjennomføra opprusting avlaupsnettet i hht vedteken plan jfr KS 85 /13                                                                                                                                      | Side 35 kap 11         | Budsjett/ Øko.plan                   | Budsjett/ Øko.plan                  | Budsjett/ Øko.plan                  | Budsjett/ Øko.plan |                |
| 27 | <b>Energi og klimatiltak</b>               | Gjennomføra tiltaka i vedteken Energi og klimaplan - sak KS. 63/10                                                                                                                                          | Side 37 Kap. 12        | Budsjett/ Øko.plan                   | Budsjett/ Øko.plan                  | Budsjett/ Øko.plan                  | Budsjett/ Øko.plan |                |

